



Møteinnkalling

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	09.03.2026
Tid:	14:00

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Tarjei Aamot Haga
kontrollutvalsleiar

Malene Hopsdal Grønningen
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 3/26	Godkjenning av protokoll frå møte 03.12.2025	2023/470	
	Politiske saker		
PS 1/26	Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten - Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustjenester	2024/98	
PS 2/26	Orientering om Hamna kontaktsenter	2026/11	
PS 3/26	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - oppfølging	2023/355	
PS 4/26	Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og missleg framferd i Stord kommune	2023/354	
PS 5/26	Oppstart av forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester	2025/15	
PS 6/26	BDO presenterer interimrevisjonsrapport for 2025	2023/476	
PS 7/26	Kurs i regi av Deloitte AS i 2026	2026/9	
PS 8/26	Årsmelding 2025 for Stord kontrollutval	2024/49	
PS 9/26	Orientering om årsrekneskap og årsberetning for Stord hamn	2023/476	
PS 10/26	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 11/26	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 1/26	Høringsmøte om Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen, 5. mars	2023/477	

GK 2/26 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/470-42
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	3/26	09.03.2026

Godkjenning av protokoll frå møte 03.12.2025

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 03.12.2025 vert godkjent.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 03.12.25.pdf

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	03.12.2025
Tid:	14:00 – 15:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tarjei Aamot Haga	Leiar	AP
Nils Magne Blålid	Nestleiar	SV
Inga Margrethe Fagerbakke	Medlem	AP
Fredrik Litleskare	Medlem	H
Randi Høgås Nesse	Medlem	UAVH

Andre som var til stade:

Malene Hopsdal Grønningen, rådgjevar ved Vestland fylkeskommune

Tarjei Aamot Haga
utvalsleiar

Malene Hopsdal Grønningen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/25	Godkjenning av protokoll frå møte 22.09.2025	2023/470	
	Politiske saker		
PS 33/25	Møteplan 2026 - Kontrollutvalet i Stord kommune	2023/474	
PS 34/25	Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune	2024/52	
PS 35/25	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2023/472	
PS 36/25	Eventuelt	2023/468	
	Referat saker		
RS 19/25	Årsmelding 2024-2025 Mobbeombodet i Vestland	2023/477	
RS 20/25	VS: Velkommen til Kontrollutvalgskonferansen 2026	2023/477	
RS 21/25	Nyhetsbrev fra FKT - velkommen til webinar	2023/477	

GK 9/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 10/25 Godkjenning av protokoll frå møte 22.09.2025

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.09.2025 vert godkjent.

Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 22.09.2025.

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.09.2025 vert godkjent.

PS 33/25 Møteplan 2026 - Kontrollutvalet i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2026:

- 25.02.2026
- 08.04.2026
- 13.05.2026
- 09.09.2026
- 25.11.2026

Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

På grunn av at møtedatoen fell i planlagt vinterferie, vert møtet som var sett til 25.02.2026, flytta til 02.03.2026.

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2026:

- 02.03.2026
- 08.04.2026
- 13.05.2026
- 09.09.2026
- 25.11.2026

PS 34/25 Vurdering av om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Birte Bjørkelo, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Birte Bjørkelo, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Stord kommune, til etterretning.

PS 35/25 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Representantane presenterte relevante sakar frå sine respektive møteprotokollar.

Utval for byutvikling

Representant Nils Magne Blålid peika særleg på to saker frå utval for byutvikling. Kontrollutvalet vil følgja desse vidare, og eventuelt be om orientering om dei:

- **RS 25/2025**, frå møtet 02.10.2025: Opprettholder – Omgjøringskrav – Byggesak – Stord 43/164 og 43/90 – Langelandsstølen – VA-anlegg og veg
- **PS 87/2025**: 22/21, frå møtet 02.10.2025 – Klage på pålegg om retting av vegprofil og støttemur Dalen 98
- **PS 99/2025**: 22/21, frå møtet 13.11.2025 – Klage på pålegg om retting av vegprofil og støttemur Dalen 98

Utval for oppvekst og kultur

Representant Inga Margrethe Fagerbakke peika særleg på sak PS 09/2025 i utval for oppvekst og kultur. Kontrollutvalet vurderer dette som eit breitt mandat og ønskjer ei kort orientering i april møtet om den pågåande prosessen.

Kontrollutvalet ber òg om ei redegjersle frå administrasjonen i neste møte når det gjeld prosessen kring den vedtekne nedbemanninga ved Hamna kontaktsenter i samband med budsjettbehandlinga i kommunestyremøtet 27.11.2025.

Forslag til vedtak vart samrøystes.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.
2. Kontrollutvalet ber administrasjonen om å gi ei orientering i april møtet om den vidare prosessen knytt til sak PS 09/2025 i utval for oppvekst og kultur.
3. Kontrollutvalet ber om ei redegjersle frå administrasjonen i neste møte når det gjeld prosessen kring den vedtekne nedbemanninga ved Hamna kontaktsenter i samband med budsjettbehandlinga i kommunestyremøtet 27.11.2025.
4. Kontrollutvalet vil følgja sakene RS 25/2025, PS 87/2025 og PS 99/2025 vidare og vurderer behovet for nærare orientering når dette vert aktuelt.

PS 36/25 Eventuelt

Forslag til innstilling/vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsleiar og utvalssekretær orientering om ei pågåande sak med rekneskapsrevisor BDO. Utvalet vil bli nærare orientert så snart det skjer utvikling i saka.

Forslaget til vedtak vart samrøystes.

Vedtak

Utvalet vert orientert om vidare utvikling i saka.

RS 19/25 Årsmelding 2024-2025 Mobbeombodet i Vestland**Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Utvalet vil gje tilbakemelding til VLFK om at årsmelding og har vore handsama i Stord kommune.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering

RS 20/25 VS: Velkommen til Kontrollutvalgskonferansen 2026**Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Utvalseiar har ikkje høve til å delta.

Representant Inga Margrethe Fagerbakke stiller for KUV i Stord kommune.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering

RS 21/25 Nyhetsbrev fra FKT - velkommen til webinar**Saksprotokoll 03.12.2025 - Stord kommune, Kontrollutvalet****Behandling i møte**

Referatsaka vart teken til orientering.

Referatsaka vart teken til orientering.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/98-29
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	1/26	09.03.2026

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten - Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustjenester

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om å gi skriftleg status til maimøtet 2026, med særleg vekt på dei måla der det pågår aktivt forbetningsarbeid.

Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 19.06.2025 (sak PS 28/2025), og vedtaket var i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet.

Kommunedirektøren har utarbeidd ein handlingsplan for å følgje opp tilrådingane frå revisjonen. Planen omfattar mål, tiltak, ansvar og tidsplan for å styrkje psykisk helse- og rustenestene i kommunen, med særleg vekt på koordinering, samhandling og kompetanseutvikling.

Sekretariatet merkar seg at kommunen har starta forbetningsarbeidet på fleire område, men at det framleis står att arbeid før alle tiltaka er gjennomførte.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektøren om å gi skriftleg status til maimøtet 2026, med særleg vekt på dei måla der det pågår aktivt forbetningsarbeid.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. HANDLINGSPLAN ETTER REVISJONSRAPPORT FRÅ DELOITTE (002).docx

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 19.06.2025 (sak PS 28/2025):

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Sikra tydeleg oversikt over Eining for psykisk helse og rus sine mål, rollar og ansvar, og at det blir gjennomført jamleg evaluering av verksemda sine aktivitetar, mål og tiltak.
2. Tydeleggjera, både internt i kommunen og ut mot innbyggjarane, kven som har ansvaret for koordinering av dei ulike pasientforløpa i kommunen.
3. Sikra systematisk arbeid med kompetansebehov i psykisk helse- og rustenestene og at det blir gjennomført evaluering av kompetansetiltak.
4. Sørge for tilstrekkeleg formalisering av samarbeid mellom kommunale aktørar, til dømes gjennom å etablere samarbeidsavtalar, og sikra at alle samarbeidsavtalar (også mellom kommunale og eksterne aktørar) blir følgt opp i samsvar med krav i avtalen.
5. Sikra nødvendig og tidsriktig overføring av informasjon mellom kommunen og spesialisthelsetenestene ved inn- og utskrivning av pasientar, samt at det blir meldt avvik ved manglar i samhandlinga.
6. Sørge for at det i kartlegging av nye brukarar
 - a) føreligg tilstrekkelege opplysningar til at søknadar om psykisk helse- og rustenester kan vurderast og avgjerast på ein fagleg forsvarleg måte.
 - b) blir sikra og dokumentert samtykke frå søkar dersom kommunen i samband med kartlegginga må innhente opplysningar om vedkomande frå andre tenester i kommunen eller i spesialisthelsetenesta.
7. Sikra at saker blir behandla utan ugrunna opphald, at tenester blir iverksett innan forsvarleg tid og at kommunen snarast mogleg sender eit førebels svar dersom sakshandsamingstida vil vare meir enn ein månad.
8. Etablere system og rutinar som sikrar
 - a) at brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester får informasjon om rett til individuell plan (IP).
 - b) samhandling og koordinering i tenester til brukarar som ikkje ønsker IP.
9. Etablere system og rutinar som sikrar at brukarar får individuelt tilpassa tenester når det blir fatta vedtak på psykisk helse- og rustenester. Under dette a. Sikre at det går fram av vedtak kva teneste(r) som er tildelt, i kva omfang, samt kor lang tid vedtaket er gjeldande.
10. Sikra tilstrekkeleg brukar- og pårørandemedverknad gjennom å a. etablere prosedyrar eller liknande som tydeleggjer korleis kommunen skal involvera brukarar og eventuelt deira pårørande ved tildeling og/eller endring av tenestetilbodet. b. etablere system og rutinar som sikrar at kommunen
 - a) jamleg hentar inn erfaringar og innspel til forbetring av psykisk helse- og rustenestene frå brukarar og pårørande
 - b) bruker innspel og erfaringar frå brukarar og pårørande i verksemda sitt kontinuerlege forbetningsarbeid.
11. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 11.11.24 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Dette er første gong kontrollutvalet handsamar handlingsplanen.

Planen vart tilsendt sekretariatet i e-post frå kommunedirektør v/tilsett i kommunedirektøren si leiargruppe 05.11.2025.

Kommunen har kome i gang med eit omfattande forbetningsarbeid som oppfølging av forvaltningsrevisjonen. Planen viser at fleire tiltak allereie er gjennomførte eller blir følgde opp gjennom etablerte rutinar, medan andre tiltak framleis er under arbeid eller planlagde for 2025 og 2026.

Det blir vurdert som positivt at arbeidet er sett i gang. Sekretariatet merkar seg at kommunen har starta forbetningsarbeidet på fleire område, men at det står att arbeid før alle tiltaka er ferdig gjennomførte.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektøren om å gi skriftleg status til maimøtet 2026, med særleg vekt på dei måla der det pågår aktivt forbetningsarbeid.

Konklusjon

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som til no er gjennomført, og rår til ei ny oppfølging i maimøte i 2026.



HANDLINGSPLAN
Psykisk helse og rustenester, Stord kommune

SAMANDRAG

Vinteren 2024/2025 blei det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Stord kommune sine psykiske helse- og rustenester for vaksne. Ut frå revisjonen, er det utarbeidd ein handlingsplan for vidare arbeid i eininga.

Janett Svendsen

Innhold

Innleiing med bakgrunn	2
Status i eininga	2
Verkemiddel	3
Aktuelle verkemiddel i handlingsplanen	3
1. Organisatoriske verkemiddel.....	3
2. Faglege og kompetansebaserte verkemiddel.....	3
3. Juridiske og dokumentasjonsbaserte verkemiddel	3
4. Digitale og teknologiske verkemiddel	3
5. Relasjonelle og samhandlingsbaserte verkemiddel.....	3
Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon i 2024- 2025	4

Innleiing med bakgrunn

Utarbeiding av handlingsplanen byggjer på nasjonale føringar, lokale behov og funn i forvaltningsrevisjonen som blei utført av Deloitte vinteren 2024/2025. Forvaltningsrevisjonen var avgrensa til å gjelde Stord kommune sine psykisk helse- og rustenester for vaksne med alvorlege og langvarige psykisk helse- eller rusmiddelproblem som opptreir åleine eller saman (ROP lidingar). Den omhandla ikkje eventuelle førebyggings- eller oppfølgingstilbod for barn og unge eller vaksne med milde og/eller kortvarige utfordringar knytt til psykisk helse eller rusmiddelproblem.

Ansvarlege for handlingsplanen: Eining for tenester til heimebuande og tildelingskontoret.

Målsetjing med handlingsplanen er å ha ei oversikt over mål, tiltak, ansvar og oppgåver, samt å følgja Plan for rehabilitering helse og omsorg 2022-2031: Plan for rehabilitering helse og omsorg 2022-2031.

Status i eininga

Tenestene innan psykisk helse og rus i Stord kommune omfattar:

- Ambulante tenester (dag, kveld og helg).
- To dagtilbod med fokus på bustadoppfølging og individuell samtaleterapi.
- To lågterskel dagtilbod, Lågterskel helsestasjon og Hamna kontaktsenter
- Pårørandegruppe for rusmiddelproblematikk i nær familie
- Nettbasert meistringsverktøy, Rettleia assistert sjølvhjelp

Tenestene har som mål å fremje meining og meistring i kvardagen for kvar enkelt brukar. Dette krev fleksibilitet og evne til å skreddarsy unike tilbod. Med fokus på brukarmedverknad er brukarane sjølv viktige ressursar i dette arbeidet.

Gjennom tett tverrfagleg samarbeid med blant anna NAV Stord, politiomsorga, DPS og Valen, har me breidd kunnskap og erfaring til å skreddarsy rett teneste til rett brukar.

Hovudprioriteringar

- Sikre god psykisk helse og livskvalitet for innbyggjarane.
- Tilby rask og lett tilgjengeleg hjelp for personar med psykisk uhelse og/eller rusvanskar.
- Styrke innsatsen for personar med milde til moderate vanskar.
- Forbetre samhandling med spesialisthelsetenesta for personar med langvarige og samansette behov.

Utfordringar og strategi

- Auka forventningar til kommunen om å handtere alvorleg sjuke personar innan rus og psykiatri.
- For få sengeplassar i spesialisthelsetenesta nasjonalt.
- Behov for samanhengande og integrerte tenester for personar med ROP-lidingar (rus og psykisk liding).

- Mangelfull oppfølging av somatisk helse for denne målgruppa.
- Auka pågang frå personar med psykisk uhelse.
- Reduserte ressursar.
- I auka grad ta i bruk digitale sjølvhjelpsverktøy for å nå fleire med milde til moderate vanskar og redusere ventetid.

Verkemiddel

Aktuelle verkemiddel i handlingsplanen

1. Organisatoriske verkemiddel

- **Koordinerende eining:** Ressurspersonar med ansvar for individuell plan og koordinatorrolle, med rutinar dokumentert i Compilo.
- **Faste møtepunkt i ressursgrupper:** På tvers av einingar og sektorar for å sikre samhandling og kontinuitet.
- **Årlege handlingsplanar:** Med evaluering av roller og ansvar, utarbeidd i LTV-gruppa.

2. Faglege og kompetansebaserte verkemiddel

- **Medarbeidarundersøking og 10-faktor:** Brukt til å kartlegge kompetansebehov og evaluere tiltak.
- **Digitale sjølvhjelpsverktøy:** Som Rettleia assistert sjølvhjelp, for å nå fleire med milde til moderate vanskar.

3. Juridiske og dokumentasjonsbaserte verkemiddel

- **Samtykke og IP-tilbod:** Skjerpa rutinar for å dokumentera at brukar har fått tilbod om individuell plan og samtykke til deling av informasjon.
- **Samarbeidsavtalar:** Formelle avtalar mellom kommune og Helseføretak med krav om oppfølging og avviksrapportering ved manglar.

4. Digitale og teknologiske verkemiddel

- **Compilo:** Brukt til å dokumentera rutinar og ansvar i koordinerende eining.
- **Profil:** For integrering av Clinical Fragial skore (CFS-skåring) og tiltak i planområde.

5. Relasjonelle og samhandlingsbaserte verkemiddel

- **Tverrfagleg samarbeid:** Med Nav, DPS, politiet og spesialisthelsetenesta for å skreddarsy tenester.
- **Pårørandegrupper og lågterskeltilbod:** For å styrke brukarmedverknad og sosial støtte. 6 møter i året leia av kommunalt tilsette.

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon i 2024- 2025

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonen av psykisk helse- og rustenester sende Kontrollutvalet ei innstilling til Kommunestyret med vedtak om utarbeiding av ein handlingsplan ut frå punkta under.

Handlingsplanen skildrar satsingsområde og tiltak som er/skal setjast i verk for å styrka psykisk helse- og rustenestene i kommunen. Planen inneheld mål, tiltak og ansvar, tidsplan og oppfølging for kvart tiltak.

Nr	Mål	Tiltak og ansvar	Tidsplan	Oppfølging
1	Sikra tydeleg oversikt over Eining for psykisk helse og rus sine mål, rollar og ansvar, og at det blir gjennomført jamleg evaluering av verksemda sine aktivitetar, mål og tiltak.	<p>Det er rutine for utarbeiding av årlege handlingsplanar der roller og ansvar vert evaluert.</p> <p>- Lean-kartlegging februar–juni 2025 med fokus på samarbeid mellom Tildelingskontoret (TK) og Psykisk helse og rus (PHR).</p> <p>- Handlingsplan vert utarbeida og evaluert i LTV-gruppa.</p> <p>-Stillingsomtale for ulike roller / avdelingar er utarbeida og vert evaluert</p>	<p>Fast årleg</p> <p>Lean-kartlegging: feb–jun 2025</p> <p>Hausten 2025</p>	<p>- Jamleg evaluering og rapportering i årsmelding i Framsikt.</p> <p>Handlingsplan utarbeidd med ansvar og tidsfristar.</p> <p>Årleg revidering I Compilo</p>
2	Tydeleggjera, både internt i kommunen og ut mot innbyggjarane, kven som har ansvaret for koordinering av dei ulike pasientforløpa i kommunen.	<p>- Koordinerande eining er organisert under Tildelingskontoret.</p> <p>- Tenester til heimebuande – psykisk helse og rus har ressursperson med ansvar for individuell plan og koordinatorrolle.</p> <p>- Rutinar for koordinerande eining ligg i Compilo.</p> <p>- Nettsida skal til ei kvar tid vera oppdatert med relevant og tilgjengeleg informasjon.</p> <p>- Faste møtepunkt i ressurskoordinator</p>	<p>2025-</p> <p>2025</p> <p>Kontinuerleg</p>	<p>Evaluering av rutinar og informasjonsflyt.</p> <p>Oppdatering av nettside og dokumentasjon i Compilo.</p>

		gruppa på tvers av einingar og sektorar.		Rapportering frå ressurskoordinatorgruppa faste møte med einingsleiarar x 2 pr år
3	Sikra systematisk arbeid med kompetansebehov i psykisk helse- og rustenestene og at det blir gjennomført evaluering av kompetansetiltak.	Medarbeidarundersøking oktober- november 2025. Medarbeidarsamtalar. Evaluering av strategisk kompetanseplan KS-læring Tilbyr webinar Interne fagdagar for RHO Fagavdeling i RHO Nettverk innan fagområda Samarbeid med spesialisthelsetenesta i einskildsaker	Annankvart år Årleg Årleg	10 faktor og oppfølging og etterarbeid av medarbeidarundersøking
4	Sørga for tilstrekkeleg formalisering av samarbeid mellom kommunale aktørar, til dømes gjennom å etablere samarbeidsavtalar, og sikra at alle samarbeidsavtalar (også mellom kommunale og eksterne aktørar) blir følgt opp i samsvar med krav i avtalen.	Det må reetablerast faste møter mellom kommune og spesialisthelsetenesta. Dette er eit gjensidig ansvar. Det er eit pågåande arbeid med å etablere eit nettverk på tvers av einingar i RHO med fokus på tenester til personar med psykisk helse og rus utfordringar. Mandat er utarbeida.	2026 2025- 2026 Kontinuerleg	

		På individnivå har me rutinar for samhandling og desse vert fulgt.		
5	Sikra nødvendig og tidsriktig overføring av informasjon mellom kommunen og spesialisthelsetenestene ved inn- og utskriving av pasientar, samt at det blir meldt avvik ved manglar i samhandlinga.	Samarbeidsmøte ved planlagde utskrivingar. - Faste møtepunkt mellom relevante aktørar. - Tilsette som jobbar på tvers av kommune og FACT. - Samarbeidsavtalar mellom kommune og Helse føretak		- Avviksmelding ved manglande informasjonsflyt. - Evaluering av samarbeidsrutinar og utskrivingsprosessar.
6	Sørga for at det i kartlegging av nye brukarar a) føreligg tilstrekkelege opplysningar til at søknadar om psykisk helse- og rustenester kan vurderast og avgjerast på ein fagleg forsvarleg måte. b) blir sikra og dokumentert samtykke frå søker dersom kommunen i samband med kartlegginga må innhente opplysningar om vedkomande frå andre tenester i kommunen eller i spesialisthelsetenesta.	Pågåande arbeid med nytt søknadsskjema i RHO tilpassa alle helse og omsorgstenester, også psykisk helse og rus (me har sett til Bodø kommune sitt søknadsskjema) b) Ved skriftleg søknad samtykker brukar til at helsepersonell samhandlar og kan innhente opplysningar	Vidareutvikling av dagens praksis, med innføring av nytt skjema frå 2026 Vidarføre dagens praksis	Nestleiar i Tenester til heimebuande har hatt ansvar for utarbeiding saman med TK.
7	Sikra at saker blir behandla utan ugrunna opphald, at tenester blir iverksett innan forsvarleg tid og at kommunen snarast mogleg sender eit førebels svar dersom sakshandsamingstida vil vare meir enn ein månad.	Det er utarbeida rutinar for sakshandsaming, det er eit pågåande arbeid for å redusere restansar i søknad om tenester . Tidsavgrensa vedtak Avslutte vedtak Tenestestandard er under evaluering med tilpassing også innan psykisk helse og rus Tatt i bruk prioriteringsrettleiar	Er gjennomført	

		Assistert sjølvhjelp - lågterskel der ein ikkje fattar vedtak. Fokus på den enkelte sine ressursar.		
8	Etablera system og rutinar som sikrar a) at brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester får informasjon om rett til individuell plan (IP). b) samhandling og koordinering i tenester til brukarar som ikkje ønsker IP.	<p>Informasjon om rett til IP skal inngå i kartlegging og vedtak.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rutinar for dokumentasjon av tilbod om IP og samtykke til deling av informasjon. - Samhandling og koordinering skal sikrast også for brukarar som takkar nei til IP. <p>Tilbod om individuellplan må gis jamleg</p>	<p>Del av fast prosedyre</p> <p>Kontinuerleg</p>	<p>Kontroll av dokumentasjon i vedtak og journal.</p> <p>Evaluering av rutinar og praksis i ressursgruppa for koordinator og individuellplan</p>
9	Etablera system og rutinar som sikrar at brukarar får individuelt tilpassa tenester når det blir fatta vedtak på psykisk helse- og rustenester. Under dette a) Sikre at det går fram av vedtak kva teneste(r) som er tildelt, i kva omfang, samt kor lang tid vedtaket er gjeldande.	<p>Etablert system og rutinar som sikrar at brukarar får individuelt tilpassa tenester når det blir fatta vedtak om psykisk helse- og rustenester. Under dette a) Sikre at det går fram av vedtak kva teneste(r) som er tildelt, i kva omfang, samt kor lang tid vedtaket er gjeldande</p> <p>Det er utarbeida rutinar at når det er fatta vedtak og sett inn tenester så vert dette tatt vidare ut i tenesta.</p> <p>Internkontroll: Ta stikkprøvar vår og haust 2026 for å evaluere og kontrollere om me føl våre rutinar.</p>	<p>Vert praktisert</p> <p>2026</p>	

		Avklare korleis bustadsosialt team skal fungere vidare, lågterksel – vedtaksbasert?	Avklarast November i samarbeid med jurist.	
10	<p>Sikra tilstrekkeleg brukar- og pårørandemedverknad gjennom å</p> <p>a) etablere prosedyrar eller liknande som tydeleggjer korleis kommunen skal involvera brukarar og eventuelt deira pårørande ved tildeling og/eller endring av tenestetilbodet.</p> <p>b) etablere system og rutinar som sikrar at kommunen 1) jamleg hentar inn erfaringar og innspel til forbetring av psykisk helse- og rustenestene frå brukarar og pårørande 2) bruker innspel og erfaringar frå brukarar og pårørande i verksemda sitt kontinuerlege forbetningsarbeid.</p>	<p>Pårørandegruppe i regi av psykisk helse og rus x 6 pr år i regi av Stord kommune</p> <p>-TK har dialog med brukar og eller pårørande i tildeling av tenester.</p> <p>Nettverkskoordinator skal utarbeida verktøy for systematisk samarbeid med nettverk og pårørande i tildeling av tenester (inkludert ansvarsfordeling)</p>	<p>Er etablert etter plan x 6 pr år</p> <p>2026 - 2027</p>	



Saksframlegg

Saksnr: 2026/11-1
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	2/26	09.03.2026

Orientering om Hamna kontaktsenter

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Det er avtalt med administrasjonen at dei kjem og orienterer kontrollutvalet i møte 09.03.2026 om presentasjonen knytt til oppseiing i Hamna i samband med budsjett.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka har bakgrunn i vedtak i PS 35/25 «Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune». I vedtaket bad kontrollutvalet administrasjonen om å leggja fram ei nærare utgreiing i neste møte om presentasjonen knytt til oppseiing i hamna i samband med budsjettbehandlinga i kommunestyret 30.10.2025.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det er avtalt med administrasjonen at dei kjem og orienterer kontrollutvalet i møte 09.03.2026.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at informasjonen vert teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/355-32
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	3/26	09.03.2026

Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ei skriftleg orientering om korleis nye kvalitetsindikatorar knytt til styrekompetanse og rapportering har fungert i praksis, herunder om det er vurdert å justere sjekklista for eigarskapsforvaltning med det mål å fanga opp fleire kvalitetsindikatorar slik at oppfølginga vert endå meir målretta og effektiv. Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 28.10.2026 slik at saka kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2026.

Samandrag

Denne saka gjeld oppfølging av handlingsplan for eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Oppfølging - PS 2_25 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning – handlingsplan
2. Statusrapport til kontrollutvalet sitt møte 15.01.26 (002)
3. Eigarskapsmelding for Stord kommune KST 19.06.25
4. Roller og ansvarskart for eigarskapsforvaltning i Stord kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i møte 20.04.2023, sak PS 13/23.

Rapport etter eigarskapskontrollen vart handsama av kontrollutvalet 15.04.24 (sak PS 11/24), som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 30.05.2024 (sak PS 41/24), fatta kommunestyret slik vedtak:

På bakgrunn av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
2. Legge til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.
3. Forankre eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.
4. Vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.
5. Vurdere om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.
6. Etablere rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.
7. Etablere retningslinjer for at valkomiteen si innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.
8. Følgje opp kommunen sine eigne føresegn og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:
 - a) Sørge for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 - b) Sørge for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklare kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd.
 - c) Opprette valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 - d) Følgje opp at styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister.
9. Etablere rutinar for å følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon).
10. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 02.09.24 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan vart handsama i møte 18.02.2025, og det vart fatta følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.

2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2026. Hovudfokus kan vera orientering om etterleving av innhaldet i dei vedlagte skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informasjon om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta.

3. Statusrapporten vert å levera til sekretariatet innan 15.01.2026.

Statusrapport vart tilsendt kontrollutvalet ved sekretariatet 09.01.2026, og er utgangspunktet for denne saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-1, bokstav e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet mottok vedlagte oppfølging av handlingsplan 09.01.2026 frå Stord kommune.

Statusrapporten frå kommunedirektøren gjev ei samla framstilling av korleis Stord kommune har følgd opp kommunestyret sitt vedtak etter eigarskapskontrollen av overordna eigarskapsforvaltning. Rapporten byggjer på eigarskapsmeldinga, vedtekte prosedyrar og sjekklister, samt systematisk innhenting av svar frå selskapa der kommunen har eigarinteresser.

Sekretariatet vurderer at kommunen i hovudsak har etablert dei strukturane og rutineane som vart etterspurde i kommunestyret sitt vedtak. Bruken av sjekklister og årleg rapportering frå selskapa framstår som eit formålstenleg verkemiddel for å sikre etterleving av kommunen sine krav og forventningar til eigarskapa.

Samstundes syner rapporten at nokre selskap har behov for å styrka rutinar for styreopplæring og oppdatering av styreinformatjon i offentlege register. Det er behov for å minna om viktigheita av å senda referat frå eigarskapsmøte til kommunen. Eigarskapsmeldinga og sjekklister har bidratt til systematisk og føreseieleg oppfølging av eigarskapa.

Sekretariatet merkar seg at kommunen vurderer å justere sjekklister for å fanga opp fleire kvalitetsindikatorar, mellom anna knytt til styrekompetanse og rapportering. Dette vert vurdert som eit eigna tiltak for å følgje opp utviklinga og identifisera behov for tiltak på desse områda.

På denne bakgrunnen meiner sekretariatet at statusrapporten syner god framdrift i oppfølginga av kommunestyret sitt vedtak. Samstundes kan det vera formålstenleg at kontrollutvalet ber om ei ny, avgrensa statusorientering på dei identifiserte forbetringssjakkene etter at tiltaka har fått verka over noko lengre tid.

Sekretariatet vil derfor tilrå at kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ei skriftleg orientering om korleis nye kvalitetsindikatorar knytt til styrekompetanse og rapportering har fungert i praksis, herunder om det er vurdert å justere sjekklister for eigarskapsforvaltning med det mål å fanga opp fleire kvalitetsindikatorar slik at oppfølginga vert endå meir målretta og effektiv. Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 28.10.2026 slik at saka kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2026.

Konklusjon

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ei skriftleg orientering om korleis nye kvalitetsindikatorar knytt til styrekompetanse og rapportering har fungert i praksis, herunder om det er vurdert å justere sjekklister for eigarskapsforvaltning med det mål å fanga opp fleire kvalitetsindikatorar slik at oppfølginga vert endå meir målretta og effektiv. Orienteringa vert å sende sekretariatet innan 28.10.2026 slik at saka kan behandlast i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2026.

Sekretariat for Kontrollutvalet

Vår dato: 09.01.2026

Vår ref: 2023/8198

Dykkar ref:

Oppfølging - PS 2/25 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - handlingsplan

Kontrollutvalet fatta 18.02.25 følgjande vedtak:

1. «Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan eigarskapsforvaltning i Stord kommune.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2026. Hovudfokus kan vera orientering om etterleving av innhaldet i dei vedlagte skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informasjon om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta.
3. Statusrapporten vert å levera til sekretariatet innan 15.01.2026»

Statusrapport følgjer vedlagt, saman med eigarskapsmelding og prosedyrar for eigarskapsoppfølging. Her er også lenke til svarskjema frå selskapa [Sjekkliste - Etterlevelse av Stord kommune sin eigarskapsmelding – Resultater](#)

Med helsing

Iren Dyrseth
Controller

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg

- 1 Statusrapport til kontrollutvalet sitt møte 15.01.26
- 2 Eigarskapsmelding for Stord kommune, KST 19.06.25
- 3 Roller og ansvarskart for eigarskapsforvaltning i Stord kommune
- 4 Oppfølging av eigarskapsmelding
- 5 Rapport, sjekklister for dagleg leiar

Statusrapport – Oppfølging av eigarskapsforvaltning i Stord kommune

1. Innleiing

Denne statusrapporten er utarbeida i tråd med kontrollutvalet sitt vedtak 18.02.2025 (PS 2/25), der utvalet bed kommunedirektøren om å leggja fram skriftleg status på oppfølging av forvaltingsrevisjonen innan eigarskapsforvaltning. Rapporten byggja på eigarskapsmeldinga, vedlagte prosedyrar og sjekklister, samt innkomne svar frå selskapa Stord kommune har eigarinteresser i. Hovudfokus er etterleving av innhaldet i styringsdokumenta og vurdering av behov for endringar etter at prosedyrane har fått verka ei tid.

2. Oppsummering av prosedyrar og rollefordeling

- Kommunedirektøren har overordna ansvar for eigarskapsforvaltninga, vurderer eigarskapsstrategiar og leggja til rette for opplæring.
- Controller publisera oppdatert eigarskapsmelding, senda ut årleg sjekklister og følgja opp rapportering.
- Ordførar leggja fram rapportar og referat til politiske organ og følgja opp eigarmøte.
- Eigarrepresentantar forankra eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa.
- Valkomité utarbeida grunngjeving for innstilling av styrekandidatar.

3. Sjekklister og svar – status og funn

Svarstatus:

15 selskap har svart på sjekklister innan fristen. Selskapa inkluderer mellom anna Sunnhordland Kraftlag AS, Stord kommunale eideomsselskap AS, Krisesenter Vest IKS m.fl.

Oppsummering av nøkkelspørsmål og svar:

Spørsmål	Ja	Nei	Annet
Etiske retningslinjer utarbeidd	12	2	1
Oppdatert styreinformatjon i Brønnøysund	7	5	5
Styreopplæring gjennomført	9	3	4
Godtgjersler reflektera ansvar/kompetanse	13	1	1
Prosedyrar for habilitetskonfliktar	10	3	2
Styreinstruks og instruks for dagleg leiar	13	3	1
Årleg arbeidsplan og møteplan	14	0	2
Årleg eigenevaluering i styret	12	1	3
Styring og leiging beskrevet i årsrapport	12	2	2
Referat frå eigarskapsmøte sendt kommunen	4	6	7

Analyse:

Dei fleste selskapa har etablert etiske retningslinjer og prosedyrar for habilitet, men det er

framleis nokre som mangla dette. Oppdatering av styreinformatjon og gjennomføring av styreopplæring har lågare etterleving, og bør følgjast opp særskilt. Godtgjersler, styreinstruks og instruks for dagleg leiar, samt arbeidsplan/møteplan, er stort sett på plass. Eigenevaluering og rapportering om styring/leiing i årsrapporten er gjennomført av dei fleste, men ikkje alle. Referat frå eigarskapsmøte vert ikkje alltid sendt kommunen, her er det rom for forbetring.

4. Etterleving av eigarskapsmeldinga og prosedyrar

Selskapa etterleva i stor grad dei prinsippa og reglane som er nedfelt i eigarskapsmeldinga, særleg når det gjeld etikk, habilitet, instruksar og arbeidsplanar. Nokre selskap har behov for å styrka rutinar for styreopplæring og oppdatering av styreinformatjon i offentlege register. Det er behov for å minna om viktigheita av å senda referat frå eigarskapsmøte til kommunen. Eigarskapsmeldinga og sjekklister har bidratt til systematisk og føreseieleg oppfølging av eigarskapa.

5. Vurdering av behov for endringar/forbetringar

Basert på svara frå selskapa, bør Stord kommune vurdere å:

- **Juster sjekklister** slik at den fangar opp fleire kvalitetsindikatorar, særleg knytt til styrekompetanse og rapportering.

Dette vil gjera det enklare for kommunen å følgja opp utviklinga og identifisera behov for tiltak på desse områda.

6. Konklusjon og tilrådingar

Eigarskapsforvaltninga i Stord kommune er styrka gjennom systematisk bruk av eigarskapsmelding, prosedyrar og sjekklister. Etterleving er god på dei fleste område, men det er identifisert nokre forbetringpunkt, særleg innan styreopplæring, oppdatering av styreinformatjon og rapportering frå eigarskapsmøte. Kommunen bør vurdere å justera sjekklister for å fanga opp fleire kvalitetsindikatorar, slik at oppfølginga vert endå meir målretta og effektiv.

Vedlegg:

- Eigarskapsmelding for Stord kommune
- Rolle- og ansvarskart for eigarskapsforvaltning
- Rapport/sjekklister for dagleg leiar
- Sjekklister og svar frå selskapa

EIGARSKAPSMELDING FOR STORD KOMMUNE

Vedteke i Kommunestyret:

- 17.02.11 (Ephorte 2009/2527, PS 09/11)
- 15.12.11 (Ephorte 2009/2527, PS 78/11)
- 23.05.13 (Ephorte 2009/2527, PS 22/13)
- 19.06.14 (Ephorte 2009/2527, PS 43/14)
- 28.05.15 (Ephorte 2009/2527, PS 20/15)
- 26.05.16 (Ephorte 2016/942, PS 33/16)
- 22.06.17 (Ephorte 2016/942, PS 35/17)
- 24.05.18 (Ephorte 2016/942, PS 28/18)
- 20.06.19 (Ephorte 2016/942, PS 45/19)
- 14.05.20 (Ephorte 2016/942, PS 26/20)
- 21.06.22 (Elements 2022/298, PS 35/22)
- 22.06.23 (Elements 2022/298, PS 28/23)
- 19.06.25 (Elements 2022/298, PS 34/25)

Referanse: KS "[Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll](#)»

INNHOOLD

Del I Eigarskap og selskapsstyring.....	3
Innleiing.....	3
Selskaps- og organisasjonsformer i kommunal sektor	4
God folkevald styring.....	9
Tilsyn og kontroll med forvaltninga.....	9
Retningslinjer for eigarskap, leiging og kontroll av selskap	10
2 Del II Selskapsoversyn	19
2.1. Generell eigarskapsstrategi	19
2.2. Oversyn over selskap innanfor § 23-6 i kommunelova.....	20
2.2.2. Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	21
2.2.3. Kommunal landspensjonskasse Gjensidige forsikringselskap GFS	22
2.2.4. Krisesenter Vest IKS.....	23
2.2.5. Podlen Verkstad AS	24
2.2.6. Region Sunnhordland IKS	25
2.2.7. Stord Kommunale Eigedomsselskap AS.....	26
2.2.7. Stord Kommunale Utviklingselskap AS.....	27
2.2.7. Stord Vatn og avløp AS.....	28
2.2.9. Sunnhordland Interkommunale Legevakt IKS.....	29
2.2.10. Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)	30
2.2.11. Sunnhordland Lufthavn AS	32
2.2.12. Vann Vest AS.....	33
2.3. Oversyn over selskap utanfor § 23-6 i kommunelova.....	34
Atheno AS.....	35
Bibliotek-sentralen SA.....	35
Dag og tid AS.....	35
Filmparken AS	35
Stavanger2Bergen AS.....	35
Hugla-butikken AS.....	35
IMS AS Innkjøp markeds-føring og salgs-kjeden.....	36
Kino-alliansen as.....	36
Litlabø sagvåg samfunns-hus BA	36
L/L Det norske teatret AS.....	36
Opero AS.....	36
Orkla ASA.....	37
Stord folke-høgskule AS	37
Sunnhord-land Kraftlag AS (SKL).....	37
2.4. Andre organisasjonar der Stord kommune har deltakarinteresse.....	39

DEL I EIGARSKAP OG SELSKAPSSTYRING

INNLEIING

Bakgrunn for eigarskapsmeldinga

Det er viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som vert forvalta i kommunale selskap og føretak. Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfta kommunen sine ulike motiv for å oppretta eller å delta i selskap. Vidare å få etablert nokre prinsipp og reglar for kommunen si eigarstyring, rammer for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt prinsipp og reglar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

Kommunen har også eit kontroll- og tilsynsansvar ovanfor eigarinteressene i selskap. I 2004 vart det teke inn reglar om selskapskontroll i kommunelova som gjev kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i høve eigarane og selskapsleiinga.

Eit vilkår for aktiv eigarstyring er at det frå eigar si side er formulert forventningar, mål og strategiar for selskapa. Eigar sine forventningar og strategiar vert eit utgangspunkt for selskapskontrollen og for handsaming av selskapet si drift og resultat.

Det vert tilrådd ei ordning med årleg handsaming av eigarskapsmeldinga i kommunestyret. Ei slik ordning vil utvikla kommunen som eigar og klårgjera rolledelinga mellom eigar og selskap.

Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av selskapsstyra. Difor er det viktig at kommunestyret i Stord ovanfor selskap med sterke kommunale eigarinteresser aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventningar. Styret si oppgåve vert å vidareutvikla strategien og å arbeida for å realisera selskapa sine mål.

Kommunenens sentralforbund – KS - har utarbeidd 21 råd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll. Eigarskapsmeldinga er systematisert etter desse råda og vert omtalt i kapitlet om Retningsliner for eigarskap, leiing og kontroll av selskap.

Oppbygginga av eigarskapsmeldinga

Meldinga har to deler. Del I presenterer aktuelle selskapsformer for kommunen, felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskapsformene, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa. Del II omtalar selskap som Stord kommune har eigarinteresser i. Det vert skilt mellom selskap som fell innanfor og utanfor [§ 23-6](#) i kommunelova. Selskap som fell inn under kommunelova [§ 23-6](#), er selskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar har 100 % eigarskap. Det er utforma eigarskapsstrategiar for alle [§ 23-6](#) selskapa, samt uforma enkle skildringar av føremål med eigarskap i selskap utanfor [§ 23-6](#).

Innleiing

I hovudsak er det to organisasjonsformer som er aktuelle for kommunane ved utskiljing av verksemd som er eigne rettssubjekt. Interkommunale selskap IKS og aksjeselskap AS. Sjølv om interkommunalt samarbeid etter kommunelova ikkje er ein del av eigarskapspolitikken, er likevel dei vanlegaste formene for slikt samarbeid skildra for oversynet si skuld. Også andre former for organisering er skildra.

Kommunane har i stor grad fridom til å organisera tenestene sine slik dei finn føremålstenleg. Tenestene kan organiserast som ein del av kommunen eller som sjølvstendige rettssubjekt. Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen innanfor den kommunale organisasjonen, gjeld styringssystemet som følgjer av kommunelova. Kommunestyret har i utgangspunktet all avgjerdsmynde, men kan delegera avgjerdsmynde av ikkje prinsipiell verde til underliggjande organ og til administrasjonen.

Kommunane kan velja å leggja deler av verksemda i eigne selskap. Det kan vera fleire grunnar for dette. T.d. at kommunen ynskjer å løysa oppgåver saman med andre kommunar eller andre offentlege eller private aktørar. I nokre tilfelle kan det vera naudsynt for kommunen å delta i forretningsverksemd og det kan då vera føremålstenleg å etablera selskap for å avgrensa økonomisk risiko. Mange offentlege selskap er grunngeve ut frå naturlege monopolsituasjonar, som t.d. selskap innanfor kraftsektoren.

Når deler av den kommunale verksemda ligg i eigne rettssubjekt som t.d. aksjeselskap eller interkommunale selskap, må styringssystema følgja den lovgjevinga som gjeld for det aktuelle rettssubjektet. Kommunestyret si styring av selskapet må utførast i selskapet sitt eigarorgan. Kommunestyret har likevel det overordna ansvaret for heile kommunen si verksemd, også den som vert drive av dei kommunalt eigde selskapa.


At verksemdar eller tenester vert skild ut og vert lagt i eigne selskap, inneber at vilkåra for folkevald styring og kontroll vert endra. Slik desse selskapa er organisert, skal selskapet sitt styrande organ ha tydeleg grad av fridom til å driva verksemda. Lovfesta reglar og vanlege normer for god selskapsstyring set grenser for kor mykje kommunane som eigar av slike selskap, kan og bør, involvera seg i selskapet si verksemd.

Etter den nye kommunelova skal kommunar og fylkeskommunar minst ein gong i valperioden utarbeida en eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

Eigarskapsmeldinga til kommunen skal innehalda:

- a) Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- b) Oversyn over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- c) Kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemda

Alternative organisasjonsmodellar



Figur 1. Lovfesta modellar for kommunal selskapsdanning og samarbeid mellom kommunar etter grad av sjølvstende og politisk styring.

Figur 1 viser ulike modellar for å organisera kommunal verksemd utanfor kommunen sin eigen organisasjon, og korleis dei ulike modellane er i høve til kvarandre når det gjeld sjølvstende i mogleik til politisk styring. Grunngevinga for å ynskja å organisera verksemda utanfor den kommunale organisasjon kan variera, men handlar ofte om å løysa ei anna oppgåve saman med andre, gjerne andre kommunar.

For modellar som er forankra i kommunelova gjeld offentleglova og anskaffingslova på same måte som for dei deltakande kommunane/fylkeskommunane. For modellar som er forankra i anna lovgjeving er forholdet til nemnde lover særskilt omtalt i gjennomgangen som følgjer. Kommunar samarbeider utanfor formelle modellar også. Slikt samarbeid, som m.a. omfattar faglege nettverk, ad hoc-grupper, fora for informasjonsutveksling, omfatta ikkje utøving av mynde.

Kommunalt føretak

Når kommunen ynskjer å gje ei eining noko meir sjølvstendig stilling enn det som gjeld i den tradisjonelle organisasjonsstrukturen, kan det etablerast eit kommunalt føretak etter [kommunelova § 9-1](#).

Føretaket er ikkje ein eigen juridisk person, men del av kommunen som rettssubjekt. Kommunen er part i alle avtalar og hefter for føretaket sine plikter. I motsetnad til utskiljing ved bruk av aksjelova og lov om interkommunale selskap, vil dei tilsette fortsatt ha kommunen som arbeidsgjevar. Føretaket vert leia av eit styre, som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret. Føretaka er på denne måten direkte underlagt kommunestyret sitt budsjettmynde. Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde ovanfor føretaket sin daglege leiar.

[Regjeringen.no](#) har laga eit skjematisk oversyn moglege kommunale selskapsformer og samarbeidsformer:

Samarbeids- eller selskapsform	Oppgaver samarbeidsmodellen kan vera eigna for	Samarbeidet sitt mynde	Eige retts- subjekt?	Eige styrings- organ i samarbeids- modellen	Kommunen sitt høve til styring	Økonomisk ansvar ovanfor kreditorar
Administrativt vertskommune-samarbeid. Kommunelova § 20-2.	Lovpålagte oppgaver og utøving av offentleg mynde, typisk individretta tenester.	Kan berre delegerast mynde til å fatta vedtak i ikkje prinsipielle saker (i same utstrekning som kommunedirektør elles).	Nei. Er ein del av vertskommunen som retts- subjekt.	Nei. Vert styrt av vertskommunen.	Gjennom samarbeidsavtala og eventuelle andre styrande dokument. Ved at samarbeidskommunane kan gje vertskommunen instruks om korleis delegert mynde skal utøvast, og at samarbeidskommunen m.a. er klageinstans for «egne» vedtak.	Ein del av vertskommunen som rettssubjekt. Dvs. at vertskommunen har uavgrensa økonomisk ansvar, på same måte som for annan verksemd i kommunen.
Vertskommune med felles folkevald nemnd. Kommunelova § 20-3.	Lovpålagte oppgaver og utøving av offentleg mynde. Samarbeid der det er behov for å ta avgjerder som kan vera av prinsipiell tyding.	Nemnda kan verta delegert mynde til å fatta vedtak i prinsipielle saker. Kommunedirektør i vertskommunen kan berre delegerast mynde av nemnda til å fatta andre vedtak i ikkje prinsipielle saker (i same utstrekning som kommunedirektør eller).	Nei. Er ein del av vertskommunen som retts- subjekt.	Felles folkevald nemnd. Kommunen sin representant vert veld av kommunestyret.	Gjennom kommunen sine medlemmer i nemnda, og gjennom samarbeidsavtala og eventuelle andre styrande dokument. Kan gje nemnda instruks om korleis delegert mynde skal utøvast. Samarbeidskommunen kan omgjera «egne» vedtak.	Ein del av vertskommunen som rettssubjekt. Dvs. at vertskommunen har uavgrensa økonomisk ansvar, på same måte som for annan verksemd i kommunen.
Kommunalt oppgåve- fellesskap (KO). Kommunelova kapittel 19.	Samarbeid om felles oppgaver (lovpålagte eller ikkje), t.d. innan administrative støttetjenester, kontroll- utvals- sekretariat, plankontor, kultur- verksemd, friluftsråd og innkjøps- samarbeid.	Kan ikkje fatta enkeltvedtak, unnateke om interne forhold i samarbeidet og tildeling av tilskot.	Kan vera eige retts- subjekt. Skal fast- setjast i sam- arbeids- avtalen.	Representan- tskapet er øvste organ. Kommunen sin representant (ar) vert veld av kommune- styret. Eit KO kan ha underordna styrings- organ og dagleg leder.	Gjennom kommunen sine medlemmer i representantskapet og gjennom samarbeidsavtala og eventuelle andre styrande dokument.	Deltakar- kommunen har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av oppgåve- fellesskapet sine plikter.

<p>Inter-kommunalt politisk råd (IPR).</p> <p>Kommunelova - kapittel 18.</p>	<p>Obligatorisk samarbeidsmodell for politisk samarbeid. Handsaming av generelle samfunnsspørsmål på tvers av kommune- og fylkesgrenser.</p>	<p>Kan ikkje fatta enkeltvedtak, unntake om interne forhold i samarbeidet og tildeling av tilskot.</p>	<p>Kan vera eige rettssubjekt. Skal fastsetjast i samarbeidsavtala.</p>	<p>Representantskapet er øvste organ. Kommunen sin representant (ar) vert veld av kommunestyret. Eit IPR kan ha underordna styringsorgan og daglegleiar.</p>	<p>Gjennom kommunen sine medlemmer i representantskapet og gjennom samarbeidsavtala og eventuelle andre styrande dokument.</p>	<p>Deltakar-kommunen har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av rådet sine plikter.</p>
<p>Inter-kommunalt selskap (IKS).</p> <p>IKS-lova.</p>	<p>Samarbeid om felles oppgåver (lovpålagte eller ikkje), t.d. innbyggjarretta tenester, administrative støttetjenester, tekniske tenester (m.a. vatn og avlaup, samferdsel, bygg og eigedom, brann- og redningstjenester) og kontrollutvalsssekretariat.</p>	<p>Må vera heimel i den aktuelle sektorlova for at IKS-et skal kunne fatta enkeltvedtak eller vedta forskrifter på vegne av deltakar-kommunane. Døme på sektorlov er t.d. havne- og farvannslova og forurensningslova</p>	<p>Er eige rettssubjekt.</p>	<p>Representantskapet er øvste organ. Kommunen sin representant (ar) vert veld av kommunestyret. Må ha eit styre og ein tilsett daglegleiar.</p>	<p>Gjennom kommunen sine medlemmer i representantskapet, og gjennom selskapsavtala og eventuelt andre styrande dokument.</p>	<p>Deltakar-kommunen har uavgrensa økonomisk ansvar for sin prosent- eller brøkdelen av selskapet sine plikter.</p>
<p>Aksjeselskap (AS).</p> <p>Aksjelova.</p>	<p>Næringsverksemd i konkurranse med andre (tilby varer eller tenester i ein marknad). Eignar seg dersom føremålet er avkastning. Eigna for verksemd utsett for økonomisk risiko (pga. avgrensa ansvar).</p>	<p>Må vera heimel i den aktuelle sektorlova for at AS-et skal kunne fatta enkeltvedtak eller vedta forskrifter på vegne av deltakar-kommunane. Døme på sektorlov er t.d. havne- og farvannslova og forurensningslova</p>	<p>Er eige rettssubjekt.</p>	<p>Generalforsamlinga er øvste myndigheit i selskapet. Må ha eit styre, og kan ha ein daglegleiar.</p>	<p>Gjennom kommunen sine representantar på generalforsamlinga, og gjennom vedtektene og eventuelt andre styrande dokument.</p>	<p>Avgrensa økonomisk ansvar for eigarane, dvs. at kreditorar ikkje kan krevja dekning for selskapet sine plikter hjå eigarane (kommunane).</p>

Samverkeføretak. Samverkelova.	Verksemd som tilbyr varer og tenester, der kommunane normalt er den største kunde- eller brukargruppa. Eigna for verksemd utsett for økonomisk risiko (pga. avgrensa ansvar).	Må vera heimel i den aktuelle sektorlova for at samverkeføretaket skal kunne fatta enkeltvedtak på vegne av deltakar-kommunane.	Er eige rettssubjekt.	Årsmøte er øvste mynde i føretaket. Må ha eit styre. Skal ha ein dagleg leiar, med mindre vedtektene seier noko anna.	Gjennom kommunen s representantar på årsmøtet, og gjennom vedtektene og eventuelt andre styrande dokument.	Avgrensa økonomisk ansvar for medlemmene, dvs. at kreditorar ikkje kan krevja dekning for selskapet sine plikter hjå eigarane (kommunane).
--	---	---	-----------------------	---	--	--

Stiftingar

Kommunar og fylkeskommunar kan også oppretta stiftingar. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøva styring over stiftinga si verksemd eller gjera krav på del i stiftinga sitt overskot (ta utbytte). Stiftarane kan ikkje løysa opp stiftinga. Stiftinga er berre ei føremålstenleg organisasjonsform der det er ynskje om å gjera verksemda heilt uavhengig av kommunen. Det er [lov om stiftelser \(stiftelsesloven\) av 15. juni 2001 nr. 59](#) som regulerer denne organisasjonsforma.

GOD FOLKEVALD STYRING

Sjølvs om delar av verksemda er lagt ut i eit selskap, har kommunestyret det overordna ansvaret. Det er difor viktig å oppretthalda god folkevald styring.

God folkevald styring vert gjerne definert gjennom fire standardar, jf. Baldersheim og Rose 2011:

- **PÅLITELEG STYRE** er prega av likehandsaming, rettskaffen politisk framferd og respekt for spelereglar. Denne standarden rører ved kommunepolitikken sitt allmenne omdøme. Det handlar om innbyggjarane sin tillit til at dei vert handsama likt i dei kommunale avgjerdsprosessane.
- **ANSVARLEG STYRE** fremjar oversiktleg politikk og informerte innbyggjarar som grunnlag for deira kontroll med dei folkevalde. Eit ansvarleg styre skal sørgja for at innbyggjarane har tilstrekkeleg informasjon til å følgja med i politikken og stilla dei styrande til ansvar.
- **BORGERNÆRT STYRE** stimulerer innbyggjarane sine interesse for og engasjement i lokalpolitikken, gjennom høyringskanalar og moglegheit for deltaking og debatt. Ved borgernært styre er det etablert kanalar for innbyggjarmedverknad i avgjerdsprosessane, også i prosessar der det ikkje er lovpålagt.
- **EFFEKTIVT STYRE:** Folkevalde har god styring, og leverer resultat. Eit effektivt styre vert kjenneteikna m.a. ved ryddige forhold i den politiske styringa av administrasjonen og at kommunen leverer resultat innbyggjarane og folkevalde er tilfreds med.

[NIBR-rapport 2015:1 Kommunale selskaper og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap](#), viser vidare at administrasjonen har ein viktig støttefunksjon for at dei folkevalde skal kunne ivareta sine roller på ein god måte. For at dei folkevalde skal kunne påverka og styra selskapa i tråd med dei føremål som er sett, er det viktig å styrka kunnskapen og merksemda rundt eigarskapspolitikken i eitt breitt utval av dei folkevalde, og at den vert gjeve ein brei og heilskapleg politisk prosess. Eit grep for å sikra dette, kan vera å forankra eigarskapspolitikken i kommuneplanen.

TILSYN OG KONTROLL MED FORVALTNINGA

Kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa. I interkommunale selskap og i aksjeselskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar og fylkeskommunar eig alle aksjane og i heileigde dotterselskap av slike selskap, har kontrollutvalet og revisor rett til å krevja relevante opplysningar både frå selskapet sin dagleg leiar, styret og ekstern revisor.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for denne kontrollen. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføringa av selskapskontrollen. Med utgangspunktet i planen for selskapskontroll skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og om resultatata av desse.

Ein årleg gjennomgang av eigarskapsmeldinga i kommunestyret, i same møte som kontrollutvalet legg fram sin rapport, vil gje eit godt og samla informasjonsgrunnlag for kommunestyret, og medverka til ei meir effektiv forvaltning og kontroll med selskapa.

RETNINGSLINER FOR EIGARSKAP, LEIING OG KONTROLL AV SELSKAP

Med utgangspunkt i KS sine 21 råd om eigarskap, vert det i dette kapitlet gjennomgått prinsipp og reglar som i hovudsak skal leggjast lagt til grunn for Stord kommune sin eigarskapspolitikk.

Kommunenens sentralforbund – KS - har utarbeidd 21 råd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll. Eigarskapsmeldinga er systematisert etter desse råda. Råda omhandlar følgjande tema:

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde
2. Vurdering og val av selskapsform
3. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
4. Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
5. Utarbeiding og revidering av styringsdokument
6. Eigarmøter
7. Eigarorganet si samansetjing og funksjon
8. Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøter
9. Samansetjing av styret
10. Valkomit  og styreutnemningar
11. K nnsbalanse i styra
12. Prosedyrar for   sikra rett kompetanse i selskapsstyra
13. Styresamansetjing i konsernmodell
14. Opnemning av vararepresentantar
15. Gildskapsvurderingar
16. Godtgjering av styreverv
17. Registrering av styreverv
18. Arbeidsgjevartilh rsle i sj lvstendige rettssubjekt
19. Utarbeiding av etiske retningslinjer
20. S rleg om Kommunedirekt ren si rolle i kommunale f retak
21. Ut ving av tilsyn og kontroll

1. Obligatorisk oppl ring av og informasjon til folkevalde

Stord kommune tek sikte p    organisera ei systematisk oppl ring av folkevalde knytt til eigarstyring, rolleforst nding, styringslinjer og ansvarsfordeling. Dette vil skje som del av den generelle oppl ringa av folkevalde som b r skje innan dei f rste 6 m nadene av valperioden. Det kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si  rlege handsaming av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll.

2. Vurderingar og val av selskapsform

Det er eigar sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, behov for eigarstyring, marknadstilhøva, samfunnsansvar, omsyn til innsyn og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operera i ein marknad, så bør eit selskap med avgrensa ansvar vera mest aktuelt. Skal selskapet yta tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og føretak vera tenlege former. Stiftingar er ikkje tilrådd for verksemd som krev eigarstyring.

Offentleglova gjeld for kommunalt eigde selskap dersom det offentlege har eigardelar som gjev rett til meir enn halvparten av stemmene i det øvste organet, eller direkte eller indirekte har rett til å velja meir enn halvparten av medlemmene med stemmerett i det øvste organet. Offentleglova gjeld likevel ikkje for offentlig eigde selskap som hovudsakeleg driv næringsverksemd i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Kommunestyret ber om at eigarrepresentantane frå Stord kommune på generalforsamling i selskap der kommunen er ein betydeleg eigar, der det fins private aksjonærar og der føremålet med kommunen sitt eigarskap er politisk motivert, føreslår vedtektsendingar som gjev kommunen sitt kontrollutval og revisor innsynsrett. Før det vert teke endeleg stilling til oppretting av selskap og val av selskapsform, så skal følgjande tilhøve vera vurdert i høve oppgåver, føremål og funksjonar for selskapet:

- Behovet for direkte og reell politisk styring
- Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i høve selskapet.
- Risikovurdering; gjeld m.a. økonomi, marknad, miljø, samfunnstryggleik og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjar
- Selskapet sin økonomiske fridom og avgrensing m.o.t. delegasjon av mynde
- Forvaltningslova/offentleglova
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- Offentlege innkjøpsreglar
- Arbeidsgjevarpolitikk
- Tilknytning til arbeidsgjevarorganisasjon

3. Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Stord kommune som eigar skal gjera ei særleg vurdering av om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. Kommunen vil i slike høve i størst mogeleg grad leggja til grunn at selskap og verksemdar som dette er aktuelt for skil dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk frå monopolverksemda for å unngå mistanke om rolleblanding og kryss-subsidiering.

Nokre kommunalt eigde selskap er tildelt oppgåver i eigenregi eller har einerett på å utføra visse oppgåver, samstundes som dei utfører andre tenester i konkurranse med andre. Dersom selskapet i tillegg konkurrerer med private selskap, kan det oppstå spørsmål om den delen av selskapet som konkurrerer i marknaden mottok ein eller annan form for offentleg stønad, og om denne stønaden eventuelt er i strid med regelverket om offentleg stønad.

Det sentrale er at selskapet sin konkurranseutsette verksemd ikkje vert subsidiert, t.d. ved at verksemda nyttar selskapet sine administrative støttefunksjonar og/eller utstyr frå den fullfinansierte delen av selskapet (kryss-subsidiering).

4. Utarbeiding av eigarskapsmelding

Stord kommune har utarbeida ei eigarskapsmelding etter KS sine råd. Målet er å utvikla kommunen som ein betre eigar for dermed å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa vert forvalta i tråd med vedtekne mål, forventningar og føresetnader. Eigarskapsmeldinga skal evaluerast årleg av kommunestyret. Så langt råd er, skal dette skje i siste møte før sommarferien. I samband med den årlege handsaminga av meldinga vert det lagt til rette for ei generell drøfting av prinsippa som denne meldinga legg opp til. Det vert også lagt til rette for å evaluera mål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen.

Eventuelle endringar i strategi og eller tiltak i høve einskildselskap skal så langt råd er drøftast i dette møtet.

5. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter

Stord kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sitt eigarskap i ulike selskap. Eigarskapsstrategien skal tydeleggjera målet med selskapa, og desse skal gå fram av selskapsavtale/vedtektene. Innan rammene av selskapsavtale/vedtektene skal selskapa utvikla detaljerte mål og strategiar for si verksemd.

Føremålet med selskapa bør vurderast med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

6. Eigarmøte

Eit eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet. Eigarmøta bør gjennomførast jamleg for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet.

Dersom det frå eigarsida er trong for å diskutera strategiar seg imellom utan å treffa formelle avgjerder, kan dette gjerast utan å kalla inn til møte i generalforsamlinga eller representantskapet etter dei formelle reglane i lova. Eit eigarmøte er ikkje lovregulert og er berre ein uformell arena der det ikkje skal treffast vedtak. I tillegg bør det ikkje leggjast føringar eller «gjevast signal» i eigarmøta som kan gripa inn i styret sitt myndeområde. Eigarmøta er uforpliktande for eigarane og for selskapet.

Eigarmøte kjem i tillegg til møter i representantskap og generalforsamling.

7. Eigarorganet sin samansetjing og funksjon

Stord kommune vil i hovudsak byggja på etablert praksis. Det inneber at:

- Politisk leiing som hovudregel vert oppnemnd som eigarrepresentant(ar) i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ynskje og behov for oppfølging av selskapet si verksemd. I generalforsamling vil til vanleg ordføraren, eller den som ordføraren gjev fullmakt, representera kommunen.
- Selskapa der kommunen har eit uttrykt ynskje og behov for det, rapporterer periodisk til utpeikt utval eller til formannskapet.
- Einskilde selskap vert i periodar følgd opp tettare, avhengig av situasjon, eigarinteresse og føremål.
- Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsprosedyrar mellom kommunen og selskap, og at det skjer naudsynte avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen. Dette kan skje i eigarmøte som finn stad mellom dei formelle eigarmøta, nemleg representantskapsmøte og generalforsamlinga.
- Rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande skal som hovudregel verta lagt fram for politisk handsaming i forkant av eigarmøte. Tidspunkt for eigarmøte skal varslast tidleg på året, og dokumenta bør liggja føre min 30 dagar før møte i generalforsamling/representantskap.
- Det politiske organet som har desse sakene til handsaming (kommunestyret, formannskapet eller utval), gjev styringssignal til kommunen sin representant i eigarmøte, og kan eventuelt instruera denne.
- Kommunen si valnemnd gjer framlegg om kandidatar til styreverv.

8. Gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøte

Dei formelle eigarmøta er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som kallar inn. Reglane om innkallingsfrist bør takast inn i vedtektene, slik at det vert teke omsyn til kommunen si trong for å ha tid til å handsama aktuelle saker. Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta på generalforsamlinga i aksjeselskap. Andre styremedlemmer har rett, men ikkje plikt. Revisor har rett til å vera til stades, og nokon gonger plikt, når dei saker som skal handsamast gjer det naudsynt.

Gjennom IKS-lova er representantskapet tillagt fleire oppgåver enn generalforsamlinga i eit aksjeselskap. Representantskapet skal fastsetja budsjett, økonomiplan og rekneskap. Vedtak om sal eller pantsetjing av fast eigedom eller andre større investeringar er også tillagt representantskapet. Desse reglane gjev i utgangspunktet representantskapet større påverknad ovanfor forvaltninga av selskapet enn generalforsamlinga i eit aksjeselskap.

9. Samansetjing av styret

Det er eigar sitt ansvar å sørja for at styret sin kompetanse samla sett er tilpassa det enkelte selskap si verksemd. Den samla kompetansen i styret skal vurderast i høve selskapet sitt spesifikke føremål. Styret bør ha både generell og fagspesifikk kompetanse.

Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er naudsynt for å følgja opp eigar sine forventningar. Styret skal spegla og representera selskapet sine behov og bør ha ulik og supplerande kompetanse innan økonomi, organisasjon og om marknaden som selskapet opererer i. Vidare bør styret ha fagleg innsikt og ha ei interesse for selskapet sitt føremål. Dersom naudsynt kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det bør om naudsynt verta gjeve tilbod om opplæring.

Styreverv i selskap er eit personleg verv. I styret representerer personen berre seg sjølv, ikkje partiet, kommunen eller andre interessentar. Personen skal ivareta selskapet sine interesser og eigarane kollektivt på best mogleg måte, ut frå selskapet sitt formål og innanfor lova sine rammer.

10. Valkomit  og styreutnemning

Valkomiteen i Stord kommune skal som hovudregel innstilla p  Stord kommune sine representantar i selskapsstyra. Målet er   sikra eit styre med naudsynt kompetanse til   leia selskapet i tr d med eigar sitt førem l. Samansetninga av styret b r gjerast ut i fr  at styret er eit kollegialt organ og b r veljast ut i fr  formelle krav til kompetanse og selskapet sitt eigenart. Det skal arbeidast for lik kj nnsrepresentasjon i styra. S rleg b r sp rsm l knytt til mogelege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om gildskap vurderast. For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar, s  b r det opprettast ein eigen valkomit  som speglar eigardelen i selskapet. Leiaren i valkomiteen i kommunen representerer til vanleg Stord kommune i valkomiteen for interkommunale selskap og andre selskap som kommunen har eigarinteresser i.

11. Lik kjønnsrepresentasjon i styra

Stord kommune vil uavhengig av selskapsform arbeida for lik kjønnsrepresentasjon i styra.

I høve til [lov om interkommunale selskap § 10](#) er det krav om minst 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Reglane i [aksjelova § 20-6](#) om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande for aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar til saman eig minst 2/3 av aksjane i selskapet. Dette følgjer av [kommunelova § 21-1](#).

12. Prosedyrar for å sikra rett kompetanse i selskapsstyra

Eigar har ansvar for å sikra at styret har den naudsynte kompetansen for å nå selskapet sine mål. Stord kommune ber difor om at styret sjølv jamleg vurderer eigen kompetanse ut frå eigar sitt føremål med selskapet. Det vert bedt om at styret etablerer følgjande prosedyrar:

- Fastset styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling
- Årleg gjer ei eigenevaluering
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal gjevast opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling
- Gjennomføra eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver
- Fastsetja ein årleg plan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring
- Gjera greie for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport

13. Styresamansetjing i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikkje sitja i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vera representert i dotterselskapa sine styre. Styret i morselskap bør ikkje sitja i styret til dotterselskap fordi styret i morselskap utgjør generalforsamling i dotterselskap. Regelen er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Særleg må ein vera merksam på problemstillingar knytt til anbod og ugildskap dersom eitt av selskapa gjev eit anbod til eit anna selskap i same konsern.

14. Oppnemning av vararepresentantar

Stord kommune vil som hovudregel gå inn for ei ordning med numerisk vald vara til styret for å sikra kontinuitet og kompetanse. Det vert rådd til at 1. varamedlem vert invitert til styremøta for på den måten å sikra best mogleg kompetanse og kontinuitet.

15. Gildskapsvurderingar og politisk representasjon i styra

Styra skal etablera faste prosedyrar for å handtera moglege gildskapskonfliktar. Ordførar og andre leiande politikarar, samt kommunedirektør bør ikkje sitja i styra i selskap. Spørsmålet skal vurderast utifrå selskapet sitt føremål, og valnemnda skal i si innstilling særleg vurdere moglege rollekonfliktar og habilitetstilhøve etter forvaltningslova.

Ugildskap inntreer m.a. når ein person kan ha personlege interesser i utfallet av ei sak som skal handsamast, og som kan tenkjast å ha påverknad på vedkommande sine vurderingar under handsaminga av saka. At ein person er ugild inneber at vedkommande ikkje kan leggja til rette saksgrunnlaget eller treffa avgjerd i ei sak. Forvaltningslova seier at ein person er ugild når han leier eller har ei leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling, for eit selskap som er part i saka, eller ei foreining, sparebank eller stifting som er part i saka. Ingen kommunalt tilsette eller folkevalde skal handtera saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølv er styremedlem. Dette gjeld uansett om selskapet er privat eigd eller heilt eller delvis offentleg eigd. Ugildskap kan også oppstå for styremedlemmer, slik at dei vert ugilde til å handsama ei sak i selskapet sitt styre. Dette er regulert i den enkelte selskapslov.

16. Godtgjersle av styreverv

Godtgjersler i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i skal mellom anna reflektera styret sitt ansvar, kompetanse tidsbruk og verksemda sin kompleksitet. Generelt skal styreleiar godtgjerast særskilt i høve styremedlemene.

Selskap med avgrensa ansvar bør teikna styreforsikring for alle styremedlemene for det økonomiske ansvaret. Forsikringa gjeld ikkje det strafferettslege ansvaret. Styremedlemer bør ikkje ta på seg særskilde oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Sjå meir om styremedlemmer sitt ansvar nedanfor.

Aksjelova gjev generalforsamlinga ansvar for å fastsetja godtgjering til styremedlemmene. I eit IKS er det representantskapet som fastset godtgjeringa til styremedlemmene, og det er kommunestyret sjølv som fastset godtgjeringa til styret i føretak (KF).

17. Registrering av styreverv

Kommunar er som folkevalde organ avhengig av ålmenta sin tillit når det gjeld både forvaltning og styring. For å unngå mistanke om rolleblanding er det viktig å vera open om kva andre roller lokalpolitikarar har i samfunnslivet. Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap, bør difor registrera verva i [Styrevervregisteret](#), for ålment innsyn.

18. Arbeidsgjevartilhøyrse i sjølvstendige rettssubjekt

Ved utskiljing av verksemd i sjølvstendige rettssubjekt er det aktuelle selskapet ikkje lenger knytt til kommunen sitt løns- og avtaleforhold gjennom det kommunale systemet. Svært mange selskap fortset å nytta det kommunale avtaleverket utan at dei egentleg har eit partsforhold i det. Så framt ingen av partane ser dette som problematisk vil utfordringa først oppstå for arbeidsgjevar dersom det oppstår konflikt eller det vil vera trong for juridisk støtte eller støtte i samband med forhandlingar. Selskapa bør søkja medlemskap i [Samfunnsbedriftene](#) (tidlegare KS Bedrift).

19. Utarbeiding av etiske retningslinjer

Stord kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i formål og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i. Styret er ansvarleg for at selskapet har utarbeidd retningslinjer for etisk og samfunnsansvarleg forretningsdrift, samt at desse vert jamleg revidert.

20. Særleg om kommunedirektøren si rolle i kommunale føretak

Kommunedirektøren si samhandlingsrolle ovanfor føretak skal vurderast særskilt ved etablering av føretak. Kommunale føretak er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men ein del av kommunen. Styret er direkte underordna kommunestyret, men organisasjonsforma har ein sjølvstendig stilling samanlikna med kommunen elles. Kommunedirektøren har ingen styringsrett ovanfor føretaket, og dagleg leiar er underordna styret i føretaket. Kommunedirektøren kan likevel instruera dagleg leiar om at iverksetjing av ei sak vert utsett til kommunestyret har handsama den aktuelle saka. Vidare skal kommunedirektøren i saker som vert handsama i kommunestyret, gjevast høve til å uttala seg før styret i føretaket treff vedtak. Kommunedirektøren eller kommunedirektøren sin stedfortredar og medlem av kommuneråd kan ikkje veljast til styret i kommunale føretak.

21. Utøving av tilsyn og kontroll

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når sine mål, at regelverket vert etterlevd og at etiske omsyn vert ivaretekne. Kontrollen vert utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningskontroll og selskapskontroll.

I samsvar med [§ 23-6](#) i kommunelova kan kommunestyret vedta kva dokument som skal sendast til kontrollutvalet og revisor som grunnlag for kontrollarbeidet. Kontrollen bør og omfatta korleis eigarstyringa vert utøvt.

Før det vert vedteke nærare reglar for aktuelle eigarstyringsdokument som skal sendast kontrollutvalet, så er det naturleg at utvalet kjem med innspel til kva dokument utvalet treng som grunnlag for sitt kontrollarbeid. Kommunen si eigarskapsmelding er eit naturleg dokument.

Kontrollutvalet skal i ein konkret plan for gjennomføring av årleg selskapskontroll gjera greie for innhaldet i selskapskontrollen, korleis rapporteringa skal skje, prioriteringar og tidsrom for gjennomføring av planen. Kontrollen bør og omfatte korleis eigarstyringa vert utøvt. Kontrollplanen skal leggjast fram for kommunestyret. Kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret på bakgrunn

av utført forvaltnings- og selskapskontroll. Kontrollrapportar bør handsamast i kommunestyret samla i samband med kommunestyret si årlege behandling av eigarskapsmeldinga.

Meir om styreansvar

- utdrag frå notat av advokat Irmelin Danielsen, Borgen advokatar AS

«Plikter i styret

Eit slikt styreansvar er eit individuelt ansvar for kvart einskild styremedlem. Dersom fleire styremedlemmer er ansvarleg for same skade, vil dei likevel hefte solidarisk for det økonomiske tapet.

Styret har blant anna plikt til å gjennomføre ei forsvarleg forvaltning av selskapet. Brot på denne plikta vil kunne leie til eit erstatningsansvar for styret. Ansvar kan oppstå både ved unnlatingar og ved akklause avgjerder. Styret er til dømes pålagt ei streng handleplikt dersom selskapet sin eigenkapital ikkje er forsvarleg i forhold til risikoen ved og omfanget av verksemda. Det einskilde styremedlem har òg ei plikt til å opptre lojalt ovanfor selskapsinteressene, framføre egne eller andre særinteresser.

Vidare har styret plikt til å føre tilsyn med den daglege leiinga og resten av verksemda. Bakgrunnen er at styret treng informasjon for å kunne ta korrekte avgjerder som ledd i forvaltninga av selskapet, samt at styret har ei tilsynsforplikting som kontrollerande organ. Styret si plikt til å halde seg orientert om til dømes den økonomiske situasjonen i selskapet er avhengig av verksemda og andre relevante forhold. Det vert stilt strengare krav til styret si oppfølging av økonomiske forhold i periodar der selskapet har anstrengjande økonomi, enn i periodar der situasjonen er meir normal.

Vurderingar ved styreverv

I lys av det personlege ansvaret som følgjer med eit styreverv, bør ein tenkje seg godt om før ein tar på seg eit slikt verv. Ein bør blant anna vurdere om ein er kompetent nok til å sitte i eit styre, om ein har tilstrekkeleg med tid til å sitte i eit styre og kva godtgjersle ein eventuelt vil få for å sitte i styret. Vidare bør ein setje seg godt inn i selskapet, medrekna korleis selskapet vert drevet, kva rutinar selskapet har, kven det er som er aksjeeigarar, og ikkje minst kven andre som sit i styret.

Ein bør òg sjekke om selskapet har styreansvarsforsikring, eventuelt krevje slik ansvarsforsikring, og gjennomgå denne. I tillegg bør ein krevje skadeslausfråsegn frå selskapet, og gjennomgå denne. Skadeslausfråsegn inneberer at selskapet held styremedlemmen skadeslaus for eventuelle krav vedkommande får mot seg i høva rolla som styremedlem.

Når ein først har tatt på seg eit styreverv bør ein etablere rutinar, eventuelt utarbeide enda betre rutinar, for styrearbeidet, sørgje for protokollføring av alle vedtak, særleg vedtak ein reagerer på eller ikkje er samd i, samt sjekke og krevje at styreansvarsforsikringa til ei kvar tid vert betalt. I verste fall bør ein trekkje seg frå styret.»

2 DEL II SELSKAPSOVERSYN

2.1. GENERELL EIGARSKAPSSTRATEGI

For alle selskapa har Stord kommune fylgjande generelle eigarstrategi:

Langsiktige mål

Selskapa forvaltar offentlege ressursar og er fristilt den kommunale forvaltninga. Dei økonomiske og tenestemessige vala selskapa tar på vegne av sine eigarar skal ha langsiktige mål som bærebjelke. Dette inneber at den langsiktige måloppnåinga skal prioriterast framfor kortsiktig avkastning og ressursforvaltning.

Samfunnsansvar

Samfunnsansvar skal sikrast gjennom god arbeidsgjevarpolitikk, god selskapsskikk, prioritering av miljøvennlege og bærekraftige organisasjons- og tenesteløysningar. Eigarane bør også ha eit medvite bruk av selskapa sin kompetanse i forhold til samfunnsutviklingsarbeid generelt. Selskapa bør realisere kommunen sitt mål om nullutsleppskommune. Dette krev at selskapa leverer klimaregnskap til eigarane.

Openheit

Openheit som ein verdi relaterer seg til eigarane og selskapet si line i forhold til innbyggjarar, media, tilsette og omverda forøvrig og praktiseringa av den nye offentlegheitslova.

For kommunen som eigar, inneber dette å sikra ein open debatt om forvaltning av forhold som gjeld selskapa. Det står her sentralt at forvaltninga av forhold som gjeld selskapa er synlege og kan etterprøvast.

For selskap omfatta av [offentleglova](#) inneber dette at prosedyrar for mogeleg innsyn skal leggjast til rette. Selskap som har si hovudverksemd innanfor forretning og som opererer i ein marknad, er ikkje omfatta av [offentleglova](#). Så langt som mogeleg skal selskapa og forvaltninga av desse, praktisera opent med mindre det gjeld spørsmål om konkurranse eller personale.

Det vert nytta ein metodikk ved presentasjonen som gjer at ei årleg oppdatering ikkje vert særleg tidkrevjande. Følgjande opplysningar vert så langt råd knytt til omtalen av det enkelte selskap

1. Stiftingsdato
2. Eigarskapsstrategi (Selskap omtala i kommunelova [§ 23-6](#))
3. Føremål (referer stort sett til vedtekter)
4. Sentrale oppgåver for selskapet
5. Kommenterar (motiv for eigarskap, eller andre tilhøve knytt til eigarskapen)

2.2. OVERSYN OVER SELSKAP **INNANFOR** § 23-6 I KOMMUNELOVA

I høve til selskapskontroll er det naturleg å skilja mellom selskap som fell inn under [§ 23-6](#) i kommunelova og andre selskap som Stord kommunen har eigarskap i.

Selskap som fell inn under kommunelova [§ 23-6](#) er selskap kor kommunen åleine eller saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar har 100% eigarskap. Regelen handlar om kontrollutvalet og revisor sin rett til innsyn og undersøking i selskap m.m. Desse følgjer nedanfor:

Selskap og selskapsform	Aksje-kapital	Totalt tal aksjar	Stord kommune sine aksjar	Eigardel i %	Aksjeverdi i kr	Stord kommune sine verdier/del av aksjekap.
Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) IKS	0			4,61		0,00
Kommunal Landspensjonskasse gjensidig forsikringsselskap GFS*				0,24		55 172 749
Krisesenter Vest IKS	0			10,43		0,00
Podlen Verkstad AS	1 605 000	1 444,5	1 444,5	100,00	1 111,11	1 605 000,00
Region Sunnhordland IKS	0			12,50		0,00
Stord Kommunale Eigedomsselskap AS	100 000	10	10	100,00	10 000	100 000,00
Stord kommunale utviklingsselskap AS	100 000	100	(via SKE AS) 100	100,00	1 000	100 000,00
Stord vatn og avløp AS	3 000 000	3 000	3 000	100	1 000	3 000 000
Sunnhordland Interkommunale Legevakt IKS	0			55,70		0,00
Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) IKS	0			27,75		0,00
Sunnhordland Lufthavn AS	2 000 000	400	316	79,00	5 000	1
Vann Vest AS	135 000	27	1	3,70	5 000	5 000

*Fellesordninga Folkevaldordninga er sagt opp i KLP og flytta til Storebrand ASA.
Sjukepleiarordninga er framleis i KLP.

2.2.2. [INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND IKS](#)

Stifta

Selskapet vart stifta 22.05.2002. Deltakarane betalar inn årlege tilskot til drift av selskapet etter vedtak i representantskapet. Driftstilskotet skal reknast ut etter fordelingsnøkkel vedtatt av representantskapet. Eigardelen skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av samla innbetalt tilskot, og ved innmelding og utmelding. Eigardelen for kvar deltakar er utrekna i prosent i forhold til deltakartilskotet.

Eigarskapsstrategi:

Føremålet med eigarskapet er å sikra at verdifullt arkivmateriale i Stord kommune vert teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Føremål (selskapsavtale)

1. Selskapet sitt hovudføremål er å legge forholda til rette for eigarane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner.
2. Selskapet skal etter avtale med den enkelte eigar kunne fungere som arkivdepot for eigarane sine arkiv. Tenestene skal vere regulert gjennom egne tenesteavtalar.
3. Selskapet kan tilby faglege tenester som eigarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester eigarane har ulik etterspurnad etter, og eller som ikkje vert tilbydd til alle eigarar. Tenestene skal vere regulert gjennom egne tenesteavtalar.
4. Selskapet kan fungere som ein regional arkivinstitusjon med funksjonar knytt til samla samfunnsdokumentasjon. Tenester knytt til dette, skal vere regulert i eigen tenesteavtale.
5. Selskapet kan delta i faglege samarbeid og eller selje kompetanse og arkivtenester til andre enn eigarane så lenge dette ikkje går ut over hovudføremålet., jf. [Selskapsavtala § 2](#).

Sentrale oppgåver

Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet:

- a. ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv
- b. utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane
- c. lokale kurs om arkivfaglege emne
- d. tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv
- e. rettleiing om arkivfaglege spørsmål
- f. rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv

Selskapet skal driva fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane naudsynt og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatta.

2.2.3. KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE GJENSIDIGE FORSIKRINGSSELSKAP GFS

Stifta

Selskapet vart stifta 01.01.1949

Eigarskapsstrategi:

Selskapet er organisert som eit GFS (gjensidig forsikringsselskap). Omgrepet assuranseforeining vert også nytta om slike selskap. Selskapsforma inneber at forsikringstakarane dannar og eig selskapet, selskapet sine eventuelle aktiva og også deler den risikoen selskapet har teke på seg. Dette inneber altså at kunde- og eigargruppa er samanfallande.

KLP sine eigarprinsipp er:

1. *«Vi skal være en ansvarlig finansiell investor og eier som tar sosiale og miljømessige hensyn, med formål om å oppnå best mulig avkastning over tid, hensyntatt forsvarlig risiko.*
2. *Vi kan være representert i selskapsorganer, men skal ikke være representert i børsnoterte selskapers styrer.*
3. *Vi kan samarbeide med andre investorer og organisasjoner når dette er hensiktsmessig.*
4. *Vi skal opptre på en aktsom og forutsigbar måte, og være bevisst det ansvar for negative konsekvenser som kan følge av utvist passivitet fra aksjonærenes side.*
5. *Vi skal opptre på en måte som ivaretar langsiktig verdiskapning for eiere, kunder og medaksjonærer og bidrar til en bærekraftig utvikling.*
6. *Vi skal opptre i tråd med selskapets kjerneverdier; åpen, tydelig, ansvarlig og engasjert.»*

Føremål (selskapsavtale)

Selskapet skal ivareta medlemmene sitt behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan også enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive verksemd som naturleg heng saman med forsikringsverksemda og anna verksemd som er tillate for livsforsikringsselskap, under her administrasjon og forvaltning av pensjonskassar.

Sentrale oppgåver

Ein pensjonskasse si hovudoppgåve er å sikra framtidige pensjonsrettar

2.2.4. [KRISESENTER VEST IKS](#)

Stifta

Selskapet vart stifta 27.09.2011. Deltakarane betalar inn årlege tilskot til drift av selskapet etter vedtak i representantskapet. Driftstilskotet skal reknast ut etter fordelingsnøkkel vedtatt av representantskapet. Eigardelen for kvar deltakar er utrekna i prosent i forhold til deltakartilskotet .

Eigarskapsstrategi

Formålet med eigarskapet er å sikra eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.

Føremål (selskapsavtalen pkt. 4):

Selskapet skal, på vegne av eigarkommunane, sikra etterleving av [krisesenterlova § 2 a\), b\) og c\)](#). Selskapet skal vera eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova [§ 2 d\)](#). Selskapet har ikkje som føremål å driva verksemd som gjev utbytte til eigarkommunane.

Sentrale oppgåver

Krisesenter Vest IKS skal sørge for eit krisesentertilbod som skal kunne nyttast av personar som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, og som har behov for rådgjeving eller eit trygt og mellombels butilbod.

Tilbodet skal gi brukarane støtte, rettleiing, hjelp til å ta kontakt med andre delar av tenesteapparatet og skal omfatte:

- a) eit krisesenter eller eit tilsvarende gratis, heilårs, heildøgns, trygt og mellombels butilbod, og
- b) eit gratis dagtilbod, og
- c) eit heilårs og heildøgns tilbod der personar nemnde i første ledd kan få råd og rettleiing per telefon, og
- d) oppfølging i reetableringsfasen, jf. § 4.

Enkeltpersonar kan vende seg direkte til krisesentertilbodet som nemnt i andre ledd, utan tilvising eller timeavtale.

Krisesenter Vest IKS skal sørge for god kvalitet på tilbodet, mellom anna ved at dei tilsette har kompetanse til å ta vare på dei særskilte behova til brukarane.

Representantskapet

Møte i representantskapet vert halde årleg innan utgangen av mai månad og skal handsame sak om årsmelding med revidert årsrekneskap frå styret.

2.2.5. [PODLEN VERKSTAD AS](#)

Stifta: 29.11.1990

Eigarskapsstrategi:

Føremålet med eigarskap i Podlen Verkstad AS er å etterkomma NAV sine krav til offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør. Stord kommune kan nytta seg av tenester og produkt som Podlen Verkstad AS tilbyr, så langt som desse har kvalitet og pris i samsvar med det kommunen er tent med. Kommunen sitt vedtak om reserverte kontraktar kan gje grunnlag for eit tettare samarbeid innan dei felte Podlen Verkstad driv, som t.d. vaskeritenester, golvmatter, papirmakulering og snikkarvarer. Eigarskapen i Podlen verkstad AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert.

Føremål:

Bedrifta sitt føremål er å arrangera eitt eller fleire av NAV sine arbeidsmarknadstiltak. Selskapet sitt samla overskot skal vera i verksemda, og disponerast til føremål som styrkjer drifta framover.

Sentrale oppgåver:

VTA - **Varig Tilrettelagt Arbeid** - er for trygda personar som ikkje utan vidare kan skaffa seg arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden. Yrkeshemma personar, frå kommunane Fitjar, Stord og Sveio, er i arbeid. Inntak av nye arbeidstakarar skjer etter søknad til og godkjenning av NAV. Arbeidet i VTA skal bidra til å oppretthalda og utvikla ressursar hos arbeidstakarane gjennom opplæring, tilrettelagt arbeid og kvalifisering. Verksemda held til på Heiane Næringsområde.

Kommentar

Etablerte rapporteringsrutinar: Årsmelding og rekneskap vert lagt fram for Komité for rehabilitering, helse og omsorg. Det er etablert gode rapporteringsrutinar mellom verksemda og kommunen. I tillegg til løpande medfinansieringsavtale, vert det årleg halde eit kontaktmøte på leiarnivå og innsendt halvårlege statusrapportar. Det kan vera aktuelt for Stord kommune å nytta Podlen Verkstad AS som leverandør innanfor område der verksemda har kapasitet og er leveringsdyktig på varer og tenester kommunen har behov for. Kommunedirektøren fekk i PS 15/13 fullmakt frå Formannskapet til å inngår reserverte kontraktar innanfor følgjande område:

- Bodtenester
- Pakking og utsending
- Mindre vedlikehald
- Ryddearbeid
- Levering av frukt
- Drift av kantiner
- Mindre reinhaldsoppdrag
- Vaskeritenester

Kommunedirektøren har tildelt oppdrag i eigenregi til Podlen Verkstad AS. Oppdraget består i reinhald av matter v/inngangsparti. Avtala vart inngått 13.02.2015.

Kommunen sitt økonomiske engasjement

Kommunen har medfinansieringsplikt for VTA-arbeidsplassane i verksemda. Dette kjem i tillegg til statleg hovudfinansiering (NAV) i samsvar med nasjonale satsar.

2.2.6. [REGION SUNNHORDLAND IKS](#)

Stifta: 08.01.1981.

Eigarskapsstrategi

Føremålet med eigarskapet i Region Sunnhordland IKS er å fremja nettverksbygging for å utvikla Sunnhordland til det beste for innbyggjarane. (Namnet vart endra frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland IKS til Region Sunnhordland IKS i kommunestyret 17.02.23, PS 4/23).

Føremål (§ 2 i selskapsavtalen)

Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.

Føremålet vert m.a. konkretisert gjennom desse oppgåvene

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeidet i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og næringsstruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur – og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

Sentrale oppgåver

Rådet sine konkrete arbeidsoppgåver vert innan rammene i selskapsavtalen fastlagt i budsjett og i rullerande strategi- og handlingsplanar.

Kommentar

Samarbeidsrådet har ei tosidig rolle; rådet avklarar og samordnar politiske fellesstrategiar og tiltak for regionen og enkeltkommunar, og rådet har ei sentral oppgåve som regionalt tiltaksorgan og næringsutviklar. Dette skjer delvis på oppdrag frå fylkeskommunen.

Samarbeidsrådet er ikkje eit formelt forvaltningsorgan. Rådet sin legitimitet er avhengig av at arbeidet er godt forankra i kommunane og i fylkeskommunen, og at det skjer ei god samordning med arbeid som vert utført i regi av eigen kommune.

Etablerte rapporteringsprosedyrar: Formelt vert Samarbeidsrådet sine budsjett, handlingsplanar, rekneskapar, årsmeldingar og møtebøker sendt kommunane, delvis til orientering og delvis som uttalesaker og som grunnlag for eige arbeid. Det er ikkje faste rutinar for behandling av dei ulike sakene i kommunen. Budsjett og årsplanar vert stort sett lagt fram for Utval for plan-, utvikling.

2.2.7. [STORD KOMMUNALE EIGEDOMSSSELKAP AS](#)

Stifta: 13.12.2001. Stord kommunale eideomssekskap AS (heretter kalla SKE AS) er dotterselskap til Stord kommunale utviklingssekskap AS (heretter kalla SKU AS), som eig alle aksjane i sekskapet. Stord kommune eig alle aksjane i SKU AS.

Eigarskapsstrategi

Føremålet med eigarskapet er at Stord kommunal eideomssekskap AS skal forvalta "*SKE-bygget*" i Leirvik og BKK-bygget på Heiane på best mogeleg måte for kommunen.

Føremål (vedtekter)

Selskapet har som føremål (vedtektene § 3) "å eiga, kjøpa og selja eideomar ved aksjekjøp, sal av aksjar eller på anna måte, byggja ut og driva næringsseideomar og infrastruktur av teknisk karakter. Selskapet kan og engasjera seg i liknande verksemdar".

Sentrale oppgåver

Selskapet eig to utleigebygg; "*SKE-bygget*" i Leirvik og BKK-bygget på Heiane. Begge eideomane er leigd ut til Stord kommune.

Etablerte rapporteringsrutinar: Saker til generalforsamling vert lagt fram for Formannskapet etter behov. Finansieringsgarantiar og liknande vert godkjent av kommunestyret. Leigeavtalar med kommunale verksemdar over tre år skal godkjennast av formannskapet.

2.2.7. STORD KOMMUNALE UTVIKLINGSSKAP AS

Stifta: 31.03.2020. SKU AS er morselskap til SKE AS. Stord kommune eig alle aksjane i SKU AS. SKU AS eig alle aksjane i SKE AS.

Eigarskapsstrategi

Føremålet med eigarskapet er å sikra eit profesjonelt, aktivt og marknadsorientert reiskap for eigedomsutvikling i Stord kommune.

Føremål (vedtekter)

Selskapet har som føremål (vedtektene § 3) "Utvikle, eige, kjøpe og selje eigedomar ved aksjekjøp og aksjesal eller på annan måte. Selskapet skal vere morselskap til dotterselskap som Stord kommune eig alle aksjane i eller dotterselskap som Stord kommune er aksjonær i saman med andre aksjeeigarar."

Sentrale oppgåver

SKU AS er eit holdingselskap, eit type selskap som eig aksjar i andre selskap. Funksjonen til eit holdingselskap er å eiga aksjar i andre selskap og såleis ha ein eigardel i desse selskapa.

Rapportering: Saker til generalforsamling vert lagt fram for Formannskapet etter behov

2.2.7. STORD VATN OG AVLØP AS

Stifta: 27.09.2024. Stord kommune AS eig alle aksjane i selskapet.

Eigarskapsstrategi

Føremålet med eigarskapen er å sikra at vatn- og avløpstenestene i Stord kommune vert forvalta på ein berekraftig, effektiv og økonomisk ansvarleg måte, i tråd med sjølvkostprinsippet, slik at innbyggjarane får trygg og stabil tilgang til desse tenestene no og i framtida.

Føremål (vedtekter)

Selskapet har som føremål (vedtektene § 3) "Selskapet sitt føremål er kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vatn og avløpsanlegg i Stord kommune, og andre oppgåver knytt til dette. Samarbeidet med Stord kommune skal regulerast i ein eigen samarbeidsavtale. Selskapet kan også utføra oppdrag for andre kommunar og privat verksemd, og engasjera seg i liknande verksemd. Selskapet skal samhandla Stord kommune om beredskap og langsiktige mål om berekraft og effektivitet. Selskapet skal grunna sitt allmennyttige føremål drivast etter sjølvkostprinsippet. Administrasjonsmålet til selskapet skal vera nynorsk.»

Sentrale oppgåver

- Drift og vedlikehald av eksisterande vatn- og avløpsinfrastruktur for å sikra stabil og trygg forsyning til innbyggjarane i Stord kommune.
- Utbygging og modernisering av anlegg for å møta framtidige behov og sikre at infrastrukturen er i tråd med berekrafts- og miljømål.
- Samarbeid med kommunen om beredskap og krisehandtering, slik at tenestene opprettheld høg kvalitet og tryggleik under alle forhold.
- Gjennomføring av oppdrag for andre kommunar og private verksemder der dette er økonomisk forsvarleg og i tråd med kommunen sine interesser.

Det er utarbeidd ein Driftsavtale mellom Stord kommune og Vatn- og avløp AS som skal sikra god samhandling.

2.2.9. [SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE LEGEVAKT IKS](#)

Stifta

Selskapet vart stifta 18.01.2014. Eigarane pliktar å betale årleg driftstilskot til selskapet til dekking av godkjende driftskostnader i samsvar med sin eigardel. Driftstilskotet skal utbetalast i like delar fire gonger pr. år på fylgjande datoar: 1. januar, 1. april, 1. juli og 1. oktober.

Eigarskapsstrategi:

Føremålet med eigarskap i Sunnhordland interkommunale legevakt IKS er å ivareta Stord kommune si plikt til å ha ei legevaktsordning i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk. Selskapet skal gjennom stabil bemanning, systematisk kvalitetssikring og vekt på fagkompetanse sikra ei robust og god legevakttjeneste for alle innbyggjarane i legevaktdistriktet.

Føremål (§ 3 i selskapsavtala)

1. Selskapet skal ivareta eigarane si plikt til å ha legevaktsordning i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk
2. Selskapet skal gjennom drift av sengeavdeling ivareta eigarane si plikt til å ha plassar for øyeblikkeleg hjelp (KAD-plassar) i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk.
3. Selskapet skal gjennom stabil bemanning, systematisk kvalitetssikring og vekt på fagkompetanse sikra ei robust og god teneste for alle innbyggjarane i eigarkommunane.
4. Selskapet kan etter førespurnad frå eigarane ta på seg nye oppgåver for eigarkommunane.
5. Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kommunar.
6. Selskapet har ikkje erverv til føremål

2.2.10. [SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS \(SIM\)](#)

Stifta

Selskapet vart stifta 02.05.1990. Det er innbetalt interessekapital i høve folketalet på etableringstidspunktet. Stord kommune sin interessekapital er på kr 48 014. Deltakarane er seg imellom ansvarlege for pliktene til selskapet i høve til prosentdeling i samsvar med folketalet i kommunane. Stord kommune sitt deltakaransvar er 29,38%. Selskapet er registrert som morselskap i konsern

Eigeskapsstrategi

Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Interkommunale miljøverk IKS, er å sikre publikum innsamling og drift av forbruksavfall og slam på ein miljøvennlege og effektiv måte.

Føremål (selskapsavtale)

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal, der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar, t.d. når det gjeld attvinning.
4. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

Sentrale oppgåver (selskapsavtala)

1. Selskapet skal byggja og drifta innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
2. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlninga.
3. Selskapet skal vidare, i nært samarbeid med kommunane, informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.

Representantskapet

Representantskapet har 23 medlemmer og er det øvste organet i SIM. Eigarkommunane vel medlemmer til representantskapet etter innbyggjartal. Av desse vel Stord kommune 6. Medlemene med personleg vara vert vald for 4 år om gongen. Representantskapet kjem saman ein gong i året, seinast innan utgangen av april månad. Innkalling til møtet skal skje med minst 4 vekers varsel. Årsmøtet vel leiari/nestleiar i representantskapet. Budsjett og rekneskap skal etter vedtektene sendast medlemskommunane som melding.

Kommunen sitt økonomiske engasjement

Kommunane krev inn renovasjonsavgifta og avgift for slamtømming frå abonnentar som går inn i den vanlege innsamlingsordninga for desse avfallstypene. Gebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon/slamtømming i kommunen; både SIM sine utgifter og kommunen sine utgifter. Det er kommunestyret som fastset gebyret i samsvar med lovverk for slike avgifter.

Kommentar

Etablerte rapporteringsprosedyrar: Årleg vert selskapet si årsmelding og rekneskap lagt fram for Formannskapet.

2.2.11. [SUNNHORDLAND LUFTHAVN AS](#)

Stifta: 06.06.1983

Eigekapsstrategi

Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland Lufthavn AS, er å gje publikum sikre, miljøvennlege og gode reisetilbod. Reisetilboda skal særleg ta sikte på å tilpasse seg næringslivet sine behov for reisetilbod. Dette bør skje både gjennom vidareutvikling av eksisterande tenester og utvikling av nye tenester som støttar opp under lufthavn- og flysikringsverksemda. Selskapet skal utføre sine oppgåver på en god og kostnadseffektiv måte og ikkje vera avhengig av ytterlegare økonomisk bistand frå eigarane sine. Vidare skal selskapet gje eigarane god verdiutvikling over tid.

Føremål

Selskapet sitt formål er å planleggja, finansiera og driva lufthamn på Stord, og i samband med dette delta i andre selskap med liknande verksemd. Flytryggleiken har og skal ha høgaste prioritet i selskapet.

Sentrale oppgåver

Selskapet si hovudoppgåve er knytt til operativ drift av flyplassen. Selskapet er og ansvarleg for planlegging og gjennomføring av investeringar og andre tiltak som er nødvendige for å halda flyplassen i godkjent stand.

Kommunen sitt økonomiske engasjement

I hovudsak er det Stord kommune som eig tomt, anlegg og bygg. Hordaland fylkeskommune bidreg stort sett økonomisk i forhold til eigardel. Sunnhordland Lufthamn AS har i perioden 2010-2017 fått fleire investeringslån. Det er betalt avdrag på låna, slik at saldo pr. 31.12.20 er kr. 29 213. Vidare hadde dei eit lån frå 2009 på kr 2 370 000 som etter avtale har vore avdragsfritt. Lånet vart 14.5.20 gjort om til aksjekapital, sjå sak KST 23/20.

Kommentar

Etablerte rapporteringsprosedyrar: Rapportering skjer til Formannskapet. Selskapet si spesielle stode har medført tett oppfølging frå kommunen/Formannskapet (og fylkeskommunen) mellom ordinære og ekstraordinære generalforsamlingar.

Stifta

Selskapet vart stifta 04.12.19.

Eigarskapsstrategi:

Føremålet med eigarskapet er å sikra gode relasjonar og tenester innanfor fagområdet vatn og avlaup, herunder sikra kompetent personell til å ivareta funksjonen vassteknisk ansvarleg for damanlegg.

Føremål (selskapsavtale)

Selskapet sitt føremål er å vera «Samarbeidsorganisasjon for eierne. Selskapet skal fremme samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsvirksomhet. Selskapet skal utføre og formidle tenester, knyttet til vann- og avløpsvirksomhet, som for eksempel bistand til drift, kvalitetssikring, vannmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler med eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig. Selskapets virksomhet skal ikke gå lengre enn til å fremme og underbygge eiernes vann- og avløpsinteresser.», jf. Vedtektene § 3.

Sentrale oppgåver

Selskapet skal vera samarbeidsorgan for eigarane:

- Fremja samarbeid og kompetanseutvikling
- Utføra og formidla tenester knytt til t.d.:
 - Drift
 - Kvalitetssikring
 - Vassmiljø
 - Beredskap

2.3. OVERSYN OVER SELSKAP **UTANFOR** § 23-6 I KOMMUNELOVA

Selskap som fell inn under [kommunelova § 23-6](#) er selskap kor kommunen åleine eller saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar har 100% eigarskap. Selskapa nedanfor er selskap der Stord kommune har eigarinteresser, men som fell utanfor [kommunelova § 23-6](#):

Selskap og selskapsform	Aksje-kapital	Totalt tal aksjar	Stord komm. sine aksjar	Eigardel i %	Aksje-verdi (pålyd./nominell)	Stord kommune sine verdiar/del av aksjekap.
Atheno AS	3 221 000	3 221	126	13,13	1 000,00	126 000,00
Biblioteksentralen SA	1 144 200	3 814	10	0,26	300,00	3 000,00
Dag og Tid AS	586 400	23 456	2	0,009	25,00	50,00
Filmparken AS	16 653 000	16 653 000	91	0,0000055	16 653 000	91,00
Stavanger2Bergen AS*	148 000	148	8	5,40	1000,00*	8 000,00
Huglabutikken AS	586 000	586	50	8,53	1 000,00	50 000,00
Innkjøp Markedsføring og Salgskjeden AS	495 000	495	5	1	1 000,00	5 000,00
Kinoalliansen AS	135 000	25	1	3,70	5 000,00	5 000,00
Litlabø – Sagvåg Samfunnshus BA		642	420	65,42	0,00	0,00
L/L Det Norske Teatret AS	4 908 800	12 272	20	0,16	400,00	8 000,00
Opero AS	1 755 000	1 755	492	28,03	1 000,00	492 000,00
Orkla ASA	1 286 163 712	1 028 930 970	2 640	0,00025*	85,14	224 769
Stord Folkehøgskule AS	670 000	670	333	49,70	1 000	333 000
Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)	3 747 542	3 747 542	80 109	2,138	1,00	80 109,00

* Kommunestyret fatta vedtak den 26.09.24 RS 25/24 om å selja aksjane i E 134 Haukelivegen AS

*Hordfast AS bytta i 2024 namn til Stavanger2Bergen AS

*Teikningskursen for kjøp av aksjar i Hordfast AS var kr. 20 000,- 11.05.18., då Stord kommune kjøpte 5 aksjar. 24.11.20 vart det kjøpt ytterlegare 3 aksjar ein teikningskurs på kr. 2 000,-. Den kursen som dei nytsteda aksjane vert seld til, vert kalla teikningskursen. Teikningskursen er den pris som faktisk skal betalast pr. aksje og reflekterer det marknaden er villeg til å betala (eventuelt det seljar tilbyr). Teikningskursen kan vera høgare enn den nominelle (pålydande) verdi av aksjen.

* Orkla ASA sine aksjar er børsnotert og har pr. 06.04.22, ein omsetnadsverdi på kr 80,56

* Sunnhordlandsambandet AS, org nr. 991 236 465, vart sletta 10.12.21. Ved ein inkurie er ikkje selskapet sletta frå eigarskapsmeldinga.

Namn	Formål	Eigarskapsstrategi (Evt. kommentarar)
ATHENO AS	<p>Selskapet sitt føremål er:</p> <ul style="list-style-type: none"> •Å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk. •Å driva inkubatorverksemd i regionen og arbeida for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand. •Å driva regionalt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemdar i Sunnhordland. •Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg kvalitet og attraktiv pris at ein vert den føretrekte samarbeidspartnaren for desse. •Å arbeida fram samt å tilretteleggja og tilby naudsynt kompetanse i regionen. 	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Atheno AS er å sikra at selskapet utviklar regionen og næringslivet på ein måte som kjem kommunen til gode. Det er viktig for Stord kommune å signalisera oppslutning om selskapet gjennom ein viss eigarpost – samtidig som ein slik eigarpost gjev høve til å utøve eigarstyring og påverknad m.a. når det gjeld selskapet si styresamansetjing.</p> <p>Kommentar: Vekst Industri Sunnhordland AS (VIS AS) gikk inn i Industrinettverket AS i desember 2007. Selskapet fekk namnet Industrinettverket VIS AS. Namnet vart endra til Atheno AS i 2008.</p> <p>Kommunar/offentlege institusjonar hadde berre mindre eigardelar i VIS og i Industrinettverket. Ved fusjonen er Stord kommune, Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune som gruppe blitt største eigar. Frå kommunane si side er nok dette utilsikta. Dermed tvingar det seg fram ei meir strategisk drøfting av spørsmål som vedkjem føremålet med eigarskapen, om selskapsstrategiar er forankra godt nok mot dei offentlege eigarane sine interesser, om kommunal representasjon i styret o.l.</p> <p>Atheno og SNU gjekk saman til eit utviklingsselskap med Sunnhordland som primært nedslagsfelt, 03.01.13.</p>
BIBLIOTEK-SENTRALEN SA	<p>Være et serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vera hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/ etablere verksemdar med det formål å betene den totale bok-, informasjons- og kunnskapsmarknaden. Biblioteksentralen skal drivast etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det vert skapt økonomisk tryggleik og utviklingsmoglegheiter og slik at andelseigarane sine interesser vert ivareteke på beste måte.</p>	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Biblioteksentralen SA er å sikra kommunen ei stemme i korleis Biblioteksentralen utviklar seg, og kva tenester som skal prioriterast for folkebiblioteka.</p>
DAG OG TID AS	<p>Å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på annan måte ta del i andre forretningstiltak.</p>	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Dag og Tid AS, for Stord kommune som har nynorsk som administrasjonsspråk, er å støtta opp om nynorsk journalistikk og språkleg mangfald.</p>
FILMPARKEN AS	<p>Selskapet har til føremål å eiga og driva utleige av fast eigendom herunder utleige av fast eigedom til filmproduksjon, samt kva som står i naturleg samband med dette.</p>	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Filmparken AS er å styrka den kreative sektoren og leggja til rette for vekst i film- og mediebransjen.</p>
STAVANGER2 BERGEN AS	<p>Arbeida for å realisera fergjefri kyststamveg - E39 i Hordaland. Selskapet skal særleg arbeida med tiltak som støttar opp om å få eit vedtak om å byggja fergjefri kyststamvei, samt få dette realisert, irekna bidra til eventuell forskottering eller delfinansiering av utgreingar og planar som er naudsynte for lokale og nasjonale vedtak.</p>	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Stavanger2Bergen AS (Målsetting om firefelts veg, E39, mellom Stavanger og Bergen) er å sikra innverknad på prosjektet og at det blir gjennomført i tråd med lokale behov.</p>
HUGLA-BUTIKKEN AS	<p>Handel med daglegvarer og anna verksemd som naturleg fell inn under dette.</p>	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Huglabutikken AS er å sikra at innbyggjarane har tilgang til daglegvarer og naudsynte varer utan å måtte reise langt/ta båt og såleis støtta opp om busetnaden på øya (2006/2388-5).</p>

IMS AS INNKJØP MARKEDS- FØRING OG SALGS- KJEDEN	Kjedeverksemd innan storhushaldning og servicemarkedet.	Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Innkjøp Markedsføring og salgskjeden AS er å sikra gode innkjøpsvilkår for kulturhuset, i høve kioskarer og alkohol.
KINO- ALLIANSEN AS	Selskapet si verksemd er å forhandle og inngå avtalar innan sal, marknadsføring, filmleige, serviceavtalar kinoteknikk, kioskdirift, billettsystem og andre forretningsområde knytt til kinodrift på vegne av kinoleiarar i selskap og kommunar som driv kinodrift eller liknande verksemd og er medeigar i KinoAlliansen AS, samt alt i samband med dette.	Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Kinoalliansen AS er å kunna nytta godt av forretningsavtalar som er spesifikke for kinodrift, forhandla fram for ei større gruppe av kinoar. Slik kinolandskapet har utvikla seg vil det vera fornuftig å ta del i KinoAlliansen AS gjennom aksjekjøp (2016/115-1) Kinoalliansen FLI vart oppretta i 2003. I generalforsamling 06.06.16, vart KinoAlliansen omgjort frå FLI til AS. Motivet var å styrka organisasjonen og få den til å bli ei juridisk eining og såleis stå betre rusta i forhandlingar.
LITLABØ SAGVÅG SAMFUNNS- HUS BA	Utleige av eigen eller leigd fast eigedom elles.	Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Litlabø Sagvåg Samfunnshus BA er sikra eit sosialt og kulturelt samlingspunkt – Samfunnshuset fungerer som ein viktig møteplass for innbyggjarane, der ein kan arrangera aktivitetar, kulturarrangement, private tilstellingar og møte. Men her kan føremålet med eigarskapen like gjerne ha vore å eiga lokalet som husa det kommunale biblioteket. Problemet er at samfunnshuset ikkje lenger husar det kommunale biblioteket. Stord kommune sin gjeldsgaranti gjekk ut i 2023.
L/L DET NORSKE TEATRET AS	Det Norske Teatret er eit uansvarleg lag, som har til føremål å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by.	Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i L/L Det Norske Teatret AS er å støtta nynorsk språk og kultur. Det Norske Teatret er den viktigaste institusjonen for teater på nynorsk og bidreg til å styrka nynorsk som scenekunstspråk.
OPERO AS	<p>Opero er ei attføringsverksemd i Sunnhordland. Målsettinga for verksemda er å utvikla og gje yrkesmessige attføringstilbod med siktemål å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Verksemda gjev og tilbod om utprøving og avklåring av personar med tanke på framtidige val av arbeid/utdanning etc. Rekruttering til verksemda og formidling til anna arbeid skjer i nært samarbeid med NAV. Verksemda har sjølv hovudansvaret for formidling av deltakarar innsøkt frå NAV.</p> <p>Tilskot frå staten gjer det mogleg for verksemda å tilby dei tilsette opplæring og personleg utvikling (driva attføringsarbeid). Verksemda vert elles drive på vanleg forretningsmessig måte.</p> <p>Opero har både ei sosialpolitisk og ei samfunnsøkonomisk målsetting. For samfunnet er det viktig at menneske som elles ville vore utan arbeid og motteke ei eller anna form for offentleg stønad, i staden er under trening og opplæring som kvalifiserer til arbeidsmarknaden. Etter opplæringsperiode i Opero går mange ut i ordinært arbeid.</p> <p>Opero gjev i dag tilbod innan mekanisk, barnehage, kantiner, opplæring i kontorfaget,</p>	Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskap i Opero AS er å etterkomma NAV sine krav til offentleg fleirtalseigarskap i bedrifter som er tiltaksarrangør. Eigarskapen i Opero AS er samfunnsøkonomisk og sosialpolitisk motivert. Skifta namn frå Sunnhordland industri AS til Opero AS mai 2012.

	dataopplæring, oppdatering og yrkesplanlegging (Vilje Viser Veg) og avklaring Sunnhordland.	
ORKLA ASA	Å drive verksemd som omfattar: industri, handel, skogbruk, transport, finansiering, erverv og sal av verdipapir og andre investering, kjøp og sal og utvikling og drift av fast eigedom, drift av aviser, blader og andre media, tenesteytingar og einkvar anna verksemd i samanheng med det her nemnte. Verksemda vert drive av selskapet sjølv eller gjennom selskapet sine dotterselskap i inn- og utland.	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Orkla ASA ein følgja opp ein testamentarisk disposisjon frå Jean Føyen, der avkastninga skal gå til biblioteket.</p> <p>Eit aksjeselskap skal ha en minimum aksjekapital på 100 000 kroner som skal være fordelt likt på ein eller fleire aksjar. Eit allmennaksjeselskap (forkorta ASA) er ei nemning berekna på aksjeselskap med mange aksjeeigarar. I eit allmennaksjeselskap kan aksjar teiknast av eller seljast til ein ubestemt krets – allmennheita. Eit allmennaksjeselskap må ha ein aksjekapital på minimum 1 million kroner, eit styre på minst tre medlemmer og ein dagleg leiar.</p> <p>Desse aksjane skriv seg frå ein testamentarisk disposisjon frå Jean Føyen og kan ikkje seljast. Utbytte skal gå til biblioteket.</p>
STORD FOLKEHØGSKULE AS	<p>Føremålet med Stord Folkehøgskule AS er drift av Stord folkehøgskule, her under å sikre gode rammevilkår for skulen og skulestyret i deira arbeid med folkeopplysing og allmenndanning. Inntektsgivande verksemd knytt til skulebygget utover folkehøgskuledrifta. Stord folkehøgskule skal vere ein frilynt folkehøgskule, i samsvar med den grunnleggjande folkehøgskuletradisjonen, med vekt på entreprenørskap i nærings- og organisasjonsliv; med FN's berekraftsmål i botn.</p> <p>Sikra eit attraktivt folkehøgskule-tilbod i Leirvik sentrum, bidra til tilreisande studentar, aktivitet året rundt, mangfald i arbeidsplassar og støtte opp om skulens arbeid med allmenndanning, og intern og ekstern arena for folkeopplysing."</p>	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Stord Folkehøgskule AS er å styrka kapitalen og signalisera støtte til prosjektet overfor styresmaktene. Skulen vil vera eit positivt tilskot til Stord-samfunnet, men eigarskapen inneber ikkje forplikting til driftstilskot.</p> <p>I saksframlegget til KS PS 59/20, stod dette i vurderinga: <i>«Interimstyret for folkehøgskulen og prosjektleiinga har gjort eit stort og godt arbeid. Med tildelinga av kr 750 000 i startmidlar har prosjektet nådd ein viktig milepæl. Desse midlane er meint å førebu skulen til ordinær finansiering, som altså er venta å bli avklara i framlegg til statsbudsjett i oktober. Rådmannen ser at det er trong for å styrka kapitalen i selskapet. Han meiner og at det kan vera eit viktig signal til sentrale styresmakter og for det vidare arbeidet med å reisa aksjekapital at kommunen går inn på eigarsida. Ein folkehøgskule med 125 elevar og ein stab på rundt 20 årsverk vil bli eit svært positivt tilskot til Stord-samfunnet. Søknaden legg ikkje opp til- og Kommunedirektøren meiner det må vera eit vilkår at kommunen ikkje skal gå inn med driftskapital/driftstilskot i selskapet. Kommunen sin økonomiske situasjon tilseier ikkje at ein tek på seg ei slik ny oppgåve. Kommunedirektøren meiner vidare at kommunestyret for emisjonen bør ta atterhald om at prosjektet får endeleg finansiering over statsbudsjettet.»</i></p>
SUNNHORD-LAND KRAFTLAG AS (SKL)	Produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytt til desse områda. Verksemda kan òg drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre føretak med tilsvarande eller liknande føremål.	<p>Eigarskapsstrategi: Føremålet med eigarskapet i Sunnhordland kraftlag AS er å sikra lokal innverknad på energiforsyninga, bidra til berekraftig kraftutvikling og sikra avkastning til kommunen. SKL spelar ei viktig rolle i regional verdiskaping og energiforsyning.</p> <p>Etablerte rapporteringsrutinar: Årsmøtedokument vert sendt kommunen i forkant av generalforsamling. Stord kommune deltek også på møte mellom eigarane i Sunnhordland.</p> <p>På ekstraordinær generalforsamling 10.09.15., vedtok SKL AS (SKL) emisjon med Haugaland Kraft AS (HK). Målet med emisjonen er å</p>

		<p>reindyrka og spissa aktivitetane i dei to selskapa. Restruktureringa omfattar både gjennomføring av konkrete transaksjonar og omorganisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Omorganisera HK frå aksjeselskap til konsern • Omorganisera SKL sine nett- og marknadsaktivitetar til HK • Sal av sentralnettet frå SKL og HK til Statnett • Sal av SKL sine nett og marknadsaktivitetar til HK • SKL kjøper HK sin produksjonsaktivitet • Emisjon i SKL tilpassa selskapet sine investerings-/vekstplanar <p>Stord kommunestyre vedtok 18.06.15 (PS 34/15) at «Stord kommune ser positivt på prosessen som går føre seg med omsyn til restrukturering av Sunnhordland kraftlag AS og Haugaland kraft AS. Stord kommune vil delta i aksjeemisjonen i Sunnhordland kraftlag AS i samband med restruktureringa. Ordføraren får fullmakt til å teikna Stord kommune for emisjonen med kr. 15 750 000,-.»</p> <p>Stord kommunestyre vedtok 17.08.15. (PS 24/15) følgjande: Stord kommune vil delta i tilleggsteikninga i samband med aksjeemisjonen i Sunnhordland kraftlag AS. Ordføraren får fullmakt til å teikne Stord kommune for den summen kommunen har rett til å teikne seg for, avgrensa til kr. 2 000 000,-.»</p> <p>I kjølvatnet av dette vedtaket vart det gjennomført ei tilleggsteikning for Stord kommune i desember 2015, for kr. 1 300 000,-.</p> <p>På ekstraordinær generalforsamling 29.08.16 vedtok generalforsamlinga følgjande: <i>«Fusjonsplan datert 29.08.16. for fusjon mellom Sunnhordland Kraftlag AS og SKL Produksjon AS godkjennes. Dette innebærer at selskapet oppløses for fusjon med SKL Produksjon AS.»</i></p>
--	--	--

2.4. ANDRE ORGANISASJONAR DER STORD KOMMUNE HAR DELTAKARINTERESSE

Andre selskap der Stord kommune har deltakarinteresse i form av å vera medlem. FLI (foreining, lag, innretning) er ei offentleg organisasjonsform som er tildelt einingar i Brønnøysundsregistrene. Stord kommune betaler medlemskontigent, men har ikkje eigardelar i selskapet:

Film og kino FLI
Friluftsrådet Vest FLI
Maritime Cleantech FLI
Landssamanslutninga for nynorskkommunar FLI
Transparency International Norge FLI
Ungt Entreprenørskap Hordaland FLI



Rolle- og ansvarskart for eigarskapsforvaltning i Stord kommune

Rolle- og ansvarskart for eigarskapsforvaltning i Stord kommune

Rolle/organ	Ansvar/oppgåver
Kommunestyret	<ul style="list-style-type: none"> - Øvste ansvar for eigarstyringa - Vedtek eigarskapsmelding, eigarstrategiar og deltaking i selskap - Godkjenner vedtekter, selskapsavtalar og aksjonæravtalar - Fastset mål og rammer for heile eigarskapspolitikken
Formannskapet	<ul style="list-style-type: none"> - Førstebehandling av alle eigarskaps saker - Utgjer eigarorgan for kommunale føretak - Vel styremedlemmar i føretak - Årleg eigardag med sentrale selskap
Valkomiteen	<ul style="list-style-type: none"> - Førebur og innstiller styrekandidatar - Sikrar kompetanse og skriftleg grunngjeving ved innstilling
Eigarrepresentant(ar)	<ul style="list-style-type: none"> - Representerer kommunen i eigarorgan (t.d. generalforsamling/representantskap) - Stemmer i tråd med eigarskapsmelding og føringar frå formannskapet - Fremjar forslag til endringar i eigarstrategiar - Sikrar forankring av eigarskapsmelding i selskapa
Kontrollutvalet	<ul style="list-style-type: none"> - Utfører selskapskontroll - Sikrar at eigarrolla vert ivaretatt - Kan gjennomføra forvaltningsrevisjon ved behov
Kommunedirektør	<ul style="list-style-type: none"> - Legg til rette for politisk eigarstyring - Fremjar forslag til eigarstrategiar - Utarbeider framlegg til revidert eigarskapsmelding - Tilrettelegg opplæring for folkevalde og styremedlemmar
Styret i selskapa	<ul style="list-style-type: none"> - Har overordna ansvar for drift og leiing av selskapet - Fører tilsyn med dagleg leiing - Utarbeider årleg plan og møteplan for styrearbeidet - Sikrar habilitet, etikk og intern ansvarsdeling - Gjennomfører årleg eigenevaluering



Saksframlegg

Saksnr: 2023/354-15
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	4/26	09.03.2026

Kommunedirektøren orienterer om arbeid med etikk og misleg framferd i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Utvalet ber om ny informasjon til utvalet sitt første møte i 2027.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal få orientering frå kommunedirektøren på korleis status er i Stord kommune når det gjeld arbeid med etikk og misleg framferd.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Førre orientering om etikk og misleg framferd i Stord kommune vart gitt av personal- og organisasjonssjef Jon Eirik Kvalnes og dåverande kommunedirektør Tommy Johansen i kontrollutvalet sitt møte 18.02.2025.

I same sak vart det vedteke at kommunedirektøren skal inviterast til å orientera om etikk og misleg framferd i Stord kommune i kontrollutvalet sitt første møte i 2026. Kommunedirektøren vart invitert til å halda orienteringa i partsbrev sendt 26.02.2025.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kommunedirektøren er som nemnt over blitt invitert til møtet.

Slike orienteringar kan td. ha slik innhald:

1. Kva er gjort på etikk området siste året?
2. Kva er planlagt å gjera innan etikk det neste året?
3. Er det gjennomført dilemmatrening?
4. Er det halde kurs eller seminar om etikk?
5. Generell informasjon om omfang og handtering av eventuell misleg framferd i kommunen
6. Osv.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, samt kjem med tilråding om at kontrollutvalet får ei ny orientering om eit års tid.



Saksframlegg

Saksnr: 2025/15-11
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	5/26	09.03.2026

Oppstart av forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vedtek at forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester startar opp.
2. Kontrollutvalet ber revisor leggja fram oppdatert framdriftsplan for handsaming i kontrollutvalet. Framdriftsplanen skal sendast sekretariatet seinast 25.03.2026, slik at saka kan behandlast i møtet 08.04.2026.

Samandrag

Kontrollutvalet vedtok i møte 09.04.2025, sak PS 10/25, å bestilla forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester. Kommunedirektøren sende 02.05.25 førespurnad om å utsetta denne forvaltningsrevisjonen. I møte 21.05.2025 vart det vedteke å utsetta oppstart av forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester til januar 2026.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet fatta slik vedtak i møte 09.04.2025, sak PS 10/25:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 16.04.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 13.11.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i desembermøtet i 2025.

Deloitte fekk melding om vedtaket og inviterte til oppstartsmøte med administrasjonen i Stord kommune. Det vart etter det (02.05.25) motteke slik skriv frå kommunedirektøren:

Takk for tilsendt oppstartsmelding. I den forbindelse er det ønskelig å utsette denne forvaltningsrevisjonen. Det er to grunner til dette:

1. *Denne vil delvis overlappe arbeidet med pågående revisjon. Dette er svært ressurskrevende.*
2. *Leder for hjemmetjenesten slutter om relativt kort tid. Dette svekker vår kapasitet fram til vi får på plass hennes erstatter.*

Vi forstår at det er flere hensyn som det skal tas hensyn til, men vi tillater oss å fremme denne forespørselen.

Sekretariatet har hatt dialog med Deloitte og kontrollutvalsleiar og sende slikt svar i e-post av 09.05.25:

Vil stadfesta at førespurnaden er motteken.

Som det vert skrive så er det fleire hensyn som skal takast. I samråd med utvalsleiar ønskjer me at desse omsyna vert vurdert av kontrollutvalet samla, ikkje minst ettersom neste møte er allereie 21. mai d.å. Vidare prosess vert då slik.

1. *Deloitte avventar oppstartsmøte til etter at utvalet har drøfta førespurnaden i møte 21.05.25.*
2. *Sekretariatet opprettar ei politisk sak (PS) til kontrollutvalsmøtet.*
3. *Kommunedirektøren er allereie invitert til å delta på tre andre saker 21. mai (årsrekneskap kommune, årsrekneskap hamn og info. relatert til ishall), og vert med dette invitert til også å vera tilstades ved behandling av denne saka for å kunna gje utfyllande informasjon.*

I møte 21.05.2025 vart det gjort følgjande vedtak i sak PS 19/25:

Med bakgrunn i informasjon frå kommunedirektøren i møte vel kontrollutvalet å utsetta oppstart av forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester til januar 2026.

Kontrollutvalet ved sekretariatet fekk stadfesta ved e-post av kommunedirektør 23.02.2026 at Stord kommune er klar for å starta opp forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar medan det er kommunestyret som har mynde til å vedta revisjonsrapporten, jf. kommunelova § 23-3 og § 23-5.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet vedtok i møte 21.05.2025 å utsetta oppstart av forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester til januar 2026. Grunngevinga var mellom anna pågåande revisjonsarbeid og kapasitetsutfordringar knytt til leiarbyte i heimetenesta.

Kommunedirektøren har no stadfesta at kommunen er klar for oppstart. Dei forholda som låg til grunn for utsetjinga, må såleis reknast som avklarte. Sekretariatet legg til grunn at det no ligg føre betre føresetnader for gjennomføring av revisjonen utan at dette i urimeleg grad belastar administrasjonen.

Forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester er prioritert som prosjekt nr. 2 i plan for forvaltningsrevisjon 2024–2028, vedteken av kommunestyret. Utvalet har allereie gjennomført prosjekt nr. 1 (rus og psykiatri). Det vil vera i tråd med vedteken plan og tidlegare bestilling å starta opp prosjektet no.

Sekretariatet vurderer at det ikkje er behov for ny bestilling eller ny prosjektplan, med mindre det har skjedd vesentlege endringar i risikobiletet eller i organiseringa av tenesta sidan våren 2025. Det kan likevel vera naturleg at Deloitte gjer ei kort oppdatering av framdriftsplan og tidsløp.

På denne bakgrunn tilrår sekretariatet at forvaltningsrevisjonen vert sett i gang i tråd med tidlegare vedtak, og at det vert lagt til rette for oppstartsmøte mellom revisor og administrasjonen snarast mogleg.

Prosjektplanen som låg til grunn for kontrollutvalet sitt vedtak i PS 10/25, er vedlagt saka.

Konklusjon

Kontrollutvalet har tidlegare bestilt forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester og seinare vedteke å utsetta oppstart til januar 2026. Kommunedirektøren har no stadfesta at kommunen er klar for oppstart.

Sekretariatet tilrår at prosjektet vert sett i gang i tråd med vedtaket frå 09.04.2025, og at revisor legg fram oppdatert framdriftsplan for handsaming i kontrollutvalet.



Forvaltningsrevisjon | Stord kommune

Heimetenester

Prosjektplan

Mars 2025

«Forvaltningsrevisjon av
heimetenester - prosjektplan»

Mars 2025

Prosjektplanen er utarbeidd for
Stord kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS

Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen

tlf: 55 21 81 00

www.deloitte.no

forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Revisjonskriterium	4
3	Metode	7
4	Tid og ressursbruk	8

1 Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte den 18. februar 2025, sak PS 4/25 utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av heimetenester i Stord kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere om Stord kommune legg til rette for effektive tenester i dei heimetenestene og om ein sikrar tilstrekkeleg med brukar- og pårørandemedverknad.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad legg Stord kommune til rette for effektive tenester ved bruk av velferdsteknologi i heimetenester?
 - a) Er det etablert mål og planar for bruk av velferdsteknologi i heimetenester?
 - b) Er det etablert rutinar og prosedyrar for implementering og bruk av velferdsteknologi?
 - c) Er det etablert system og rutinar for korleis ein brukar velferdsteknologi i akutte situasjonar?
2. Har Stord kommune etablert system og rutinar for å sikre medverknad frå brukarar og pårørande i heimetenester?
 - a) I kva grad blir det lagt til rette for at brukarar av heimetenester i Stord kommune og deira pårørande får medverke ved tildeling og evaluering av tenester til den enkelte brukar? Under dette:
 - i) Korleis sørgjer kommunen for at brukarar og pårørande blir involverte i tildeling og bruk av ev. hjelpemiddel eller velferdsteknologi?
 - b) I kva grad er det eit tydeleg grensesnitt mellom ansvaret til pårørande og dei kommunale heimetenestene?
 - c) I kva grad er det etablert system og rutinar for å hente inn erfaring med tenestene og innspel til forbetring av tenestene frå brukarar og pårørande?
3. I kva grad arbeider kommunen systematisk med rekruttering, turnover og førebygging og oppfølging av sjukefråvær i heimetenester? Under dette:
 - a) I kva grad arbeider kommunen for å sikre ei forsvarleg arbeidsbelastning i heimetenestene?
 - b) I kva grad er det etablert system og rutinar for å hindre for høg turnover blant dei tilsette i heimetenestene?
 - c) I kva grad arbeider kommunen systematisk for å rekruttere nye tilsette til heimetenester?
 - d) I kva grad har kommunen rutinar og system for å følgje opp sjukemeldte i samsvar med regelverket?
 - e) Er det utarbeidd tydelege måltal for sjukefråværet på einingsnivå og i kva grad når tenestene måla som er sett for sjukefråværet?
 - f) I kva grad er det sett i verk tiltak for å førebyggje og redusere arbeidsrelatert sjukefråvær og i kva grad blir ev. tiltak følgt opp og evaluert?

1.3 Avgrensing

Prosjektet er avgrensa til å gjelde tenester for praktisk hjelp i heimen og helsetenester i heimen.

2 Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje uttømmmande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Krav i lov og forskrift

2.2.1 Overordna om krav til kommunale helse- og omsorgstenesta

I helse- og omsorgstenestelova § 3-1 kjem det fram at kommunen skal sørgja for at personar som oppheld seg i kommunen får tilstrekkelege helse- og omsorgstenester.

Etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 skal kommunen mellom anna ha helsetenester i heimen, dagaktivitetstilbod til heimebuande med demens og plass i institusjon, under dette sjukeheimar, for å oppfylle krava i § 3-1. I dette prosjektet vil det bli retta særskilt merksemd mot helse- og omsorgstenester til eldre, og den delen av helse- og omsorgstenestene som er omfatta av § 3-2 første ledd nummer 6 bokstav a-c a. helsetenester i heimen.

Helse- og omsorgstenestelova legg vidare til grunn at ressursane i helse- og omsorgstenesta blir utnytta best mogleg (§ 1-1 punkt 7). Ifølgje helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd inneberer kommunen sitt ansvar for nødvendige helse- og omsorgstenester også ei plikt til å planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda si, slik at omfanget og innhaldet i tenestene er i samsvar med gjeldande krav. Internkontrollen i helse- og omsorgstenester er nærare regulert i ei eiga forskrift; forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenest, som stiller krav til å planlegge, gjennomføre og korrigere.

Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er ikkje definert som ein eigen tenester i lovverket, men kan vere ein måte å yte helse- og omsorgstenester på. Bruk av velferdsteknologi må derfor følgje mellom anna regelverket i helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettighetslova. Ifølgje «Velferdsteknologens ABC» (ein læringsressurs for tilsette i kommunal helse- og omsorgsteneste produsert av Kommunesektorens organisasjon, Helsedirektoratet, Direktoratet for e-helse og Norsk Helsenett)¹ må velferdsteknologien ivareta pasient- og brukarsikkerheita, og bygge på tilgjengeleg helse- og omsorgsfagleg kunnskap, for at bruk av velferdsteknologi i tenestene til ein pasient eller brukar skal vere forsvarleg.

Vidare, dersom velferdsteknologi føreset respons frå kommunens helse- og omsorgsteneste eller pårørande, til dømes i form av oppringing eller besøk/uttrykking, må det sikrast at responstida er tilstrekkeleg rask til å ivareta pasienten eller brukaren sine behov, og at den som mottar varselet har tilstrekkeleg kompetanse ut frå pasienten eller brukaren sine behov. Dersom det er grunn til å tru at pasienten eller brukaren vil trenge raskare hjelp enn det som kan gjevast med den aktuelle velferdsteknologiske løysinga, må tenestetilbodet organiserast på annan måte. I rettleiaren «lovverk og velferdsteknolog»² går det fram at «det er viktig at man

¹ <https://www.ks.no/velferdsteknologiensabc>

² «Lovverk og velferdsteknologi» - rettleiar for tilsette i kommunal helse- og omsorgstjeneste - utarbeidet av trøndelagsløftet i samarbeid med representantar fra kommuner-, habiliteringstjenesten for voksne og statsforvalteren i Trøndelag. Tilgjengeleg frå: <https://www.statsforvalteren.no/contentassets/f1691758e4ba4f98aa871ef883d29d1d/lovtolkingsveileder-v.2.pdf>

informerer pårørende godt om teknologiens funksjoner, muligheter og begrensinger, og bakgrunn for val av teknologi».

2.2.2 Samarbeid med pårørende

Helsedirektoratet sin pårønderettleiar³ skriv at mange pårørende utfører omfattande pleie – og omsorgsoppgåver for heimebuande pasientar og brukarar. Barn som pårørende skal som hovudregel ikkje har måtte ha denne type oppgåver overfor sine føresette eller søsken. Døme på oppgåver som utførast av føresette med omsorgsansvar:

- Pleie av den som er sjuk
- Administrasjon av medisinar
- Bistand ved bruk av medisinske apparat og velferdsteknologi
- Sosial og fysisk opptrening

Helsepersonell burde i dialog med pasient/bruker og pårørende, avklart forventingar og ønsker for korleis pårørende skal delta i omsorga av pasient/brukar og kva roller han eller ho kan ha. Det er ein forutsetning at pasienten/brukaren sjølv ønskjer at pårørende skal utføre pleie- og omsorgsoppgåvene. Helsepersonell burde gi opplæring og rettleiing til pårørende som er omsorgsgivar.

Vidare går det fram av pårønderettleiaren at kommunar skal tilby avlastningstiltak for å lette omsorgsbyrden. Avlastning skal hindre overbelastning hjå omsorgsgjevar og det burde bli gitt tilbod om avlastning som eit førebyggjande tiltak. Avlastning skal gi høve til naudsynt fritid og ferie, yrkesaktivitet, familieliv og deltaking i samfunnsaktivitetar. Avlastning skal sikre omsorgsmottakar naudsynte og forsvarlege tenester.

2.2.3 Rett til medverking

Ifølgje Pasient- og brukarrettslova § 3-1 har alle pasientar og brukarar rett til å medverke ved gjennomføring av helse- og omsorgstenester. Tenestene skal så langt som mogleg utformast i samarbeid med pasienten eller brukaren. Nasjonal rettleiar om pårørende i helse- og omsorgstenesta⁴ skriv, med bakgrunn i Pasient- og brukarrettslova § 3-1, at kommunen skal ha system og rutinar som legg til rette for informasjon og dialog med pårørende. Vidare er det leiinga sitt ansvar å kommunisere rammer for denne dialogen til pasientar, brukarar og pårørende. Kommunen har plikt til å etablere system for å hente inn og bruke pårørende sine erfaringar og synspunkt i kvalitetsforbetring og tenesteutvikling. Involvering av pårørende kan ifølgje nasjonal rettleiar om pårørende i helse- og omsorgstenesta⁵ skje gjennom brukar- og pårørandeutval, allmøte, temagrupper, undersøkingar og andre tilbakemeldingskanalar.

2.2.4 Arbeid med sjukefråvær

Kommunen som arbeidsgjevar har etter arbeidsmiljøloven § 3-1 første ledd eit ansvar for å sørge for at det utførast systematisk helse,- miljø- og tryggleiksarbeid (HMT-arbeid) på alle nivå i verksemda. Både arbeidsmiljøloven § 3-1 og interkontrollforskrifta § 4 peikar på at det systematiske HMT-arbeidet skal gjennomførast i samarbeid med arbeidstakarar og representantane deira.

Etter arbeidsmiljøloven § 3-1 andre ledd blir det stilt krav til at kommunen skal sørgja for at det blir systematisk arbeid med å førebyggja sjukefråvær, og vidare oppfølging av sjukefråvær i kommunen. Vidare blir det stilt krav etter arbeidsmiljøloven § 4-6, at arbeidsgivar skal leggje til

³ Helsedirektoratet. Kommuner skal tilby avlastningstiltak for å lette omsorgsbyrden. Sist endra 16.01.2018.

⁴ [Plikt til pårørendeinvolvering og støtte - Helsedirektoratet](#)

⁵ [Pårørendeveileder - Helsedirektoratet](#)

rette for redusert arbeidsevne hos arbeidstakar, utarbeida ein oppfølgingsplan i samråd med arbeidstakar og kalle inn arbeidstakar til dialogmøte.

Arbeidsgjevar skal i følgje arbeidsmiljøloven § 5-1 og folketrygdloven § 25-2 føre statistikk over sjukefråvær og fråvær ved sjukdom hos barn. Vidare blir det nærmare skildre i forskrifta korleis ein skal føre statistikk over sjukefråvær og fråvær ved barns sjukdom og føremålet med føring av sjukefråværstatistikk, kva type opplysningar som skal registrerast og registreringsperiode (§2, §4 og §5).

2.3 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante kommunale styringsdokument og vedtak kan bli nytta som revisjonskriterium.

3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalde personar frå Stord kommune. Vi vil intervjuje leiarar for og tilsette i heimetenester, representantar for eldrerådet og eventuell brukar/pårørandegruppe. Det kan også være aktuelt å intervjuje leiarar eller tilsette innanfor personal- og organisasjonsområde. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 8 intervju.

3.3 Analyse av statistikk

Revisjonen vil nytte statistikk frå KOSTRA, KPR og liknande register knytt til sentrale variablar innan helse og omsorg for å samanlikne Stord kommune med samanliknbare kommunar.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4 Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Annbjørg Ryssdal og ein prosjektmedarbeidar. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 340 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Prosjektet vil starte opp i mai 2025. Rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet november 2025.⁶ For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Stord kommune og Deloitte.

Bergen, 21. mars 2025



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

⁶ Deloitte gjennomfører alltid ein uavhengighetssjekk før oppstart av prosjekter for å sikre at vi oppfyller krava om uavhengigheit som blir stilt til revisor, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16. Gjennomføringa av prosjektet føreset at denne sjekken ikkje avdekkjer *faktiske uavhengigheitskonfliktar* (til dømes at vi står i fare for å revidere eige arbeid, nære relasjonar o.l.) eller *tilsynelatande uavhengigheitskonfliktar* (der det ikkje er faktiske brot på uavhengigheita, men det er kan vere risiko for at tilliten til våre vurderingar og funn blir svekka på grunn av ulike forhold knytt til saka).

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2025 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2023/476-55
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	6/26	09.03.2026

BDO presenterer interimrevisjonsrapport for 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2025 for Stord kommune frå BDO til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at BDO skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Stord kommune gjeldande rekneskapen for 2025.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 1.
interimrevisjon 2025 Stord kommune.

Oppsummering

Vedlegg

1. Oppsummering interimrevisjon 2025 Stord kommune.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

Videre har kontrollutvalget ansvar for å se til at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det bl.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapan vert revidert på ein tryggande måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

I møte i kontrollutvalet 22.09.2025 (sak PS 26/25) orienterte BDO om sin revisjonsplan, om rekneskaps-revisjonen så langt i 2025 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapan for 2025.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Presentasjonen av oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera ein lekk i å sjå til at Stord kommune sine rekneskapar vert revidert på ein betryggande måte og at Stord kommune har ein forsvarleg revisjon.

Interimsrevisjonen viser at fleire sentrale internkontrollrutinar fungerer tilfredsstillande. Kontrollane i UBW sikrar både korrekt rollefordeling mellom attestant og anvisar, og at kostnader blir førte på rett avdeling. Vidare blir kontrollrutinane knytte til lønskøyring og avstemming av inntekter vurderte som tilstrekkelege.

Revisjonen peikar likevel på to område med forbetringspotensial:

- Attestasjonar har enkelte svakheiter som bør følgjast opp.
- Dokumentasjonen av balansekontoar ved inngåande balanse er ikkje tilstrekkeleg, og revisjonen måtte etterspørje tilleggsdokumentasjon.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på. Oppsummeringa ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjonen for 2025 frå BDO til orientering

OPPSUMMERING INTERIMSREVISJON

STORD KOMMUNE

SOLVEIG BØ DALSTØ/ØRJAN JOHANNESSEN
9. FEBRUAR 2026

AGENDA FOR MØTET

» Revisjonsplan

» Status revisjonsplan

» Foreløpige funn internkontroll

» Fokusområde framover

» Anna til diskusjon



IBDO

Revisjonsplan

Status
revisjonsplan

REVISJONSPLAN

OVERSIKT

PLANLEGGING OG RISIKOVURDERING	INTERIMSREVISJON	ÅRSOPPGJERSREVISJON	AVLEGGING AV ÅRSREKNESKAPEN
<p>Aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Risikovurdering • Presentasjon av revisjonsplan for kontrollutvalet • Slutføre revisjonsplan og fastsette vesentlighetsgrenser • Revisjon av inngående balanse • Attestasjon 	<p>Aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge rutinar og internkontroll • Internkontrolltesting og detaljtesting • IT-revisjon • Analytiske kontrollhandlingar • Gjennomgang av rekneskapspostar som kan avklarast før årsoppgjeret • Attestasjon 	<p>Aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Revisjon av balansepostar og postar i drifts- og investeringsrekneskaper • Gjennomgang budsjettjusteringar/utgreiing for vesentlege budsjettavvik • Attestasjon 	<p>Aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Slutføring av revisjonen • Revisjon av årsrekneskaper med tilhøyrande notar • Revisjon av årsmeldinga • Fullstendighetserklæring • Attestasjon
<p>Rapportering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for kontrollutvalet 	<p>Rapportering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppsummering med leiinga • Rapportering til kontrollutvalet 	<p>Rapportering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppsummering med leiinga • Rapportering til kontrollutvalet 	<p>Rapportering</p> <ul style="list-style-type: none"> • Revisjonsberetning innan 15. april • Evt. attestasjon RF-1022 Lønns- og pensjonskostnader (kontrolloppstilling)
AUGUST/SEPTEMBER	OKTOBER/ NOVEMBER	FEBRUAR/ MARS	MARS/ APRIL

STATUS REVISJONSPLAN

GJENNOMFØRT KARTLEGGING

- IT-revisjonsteamet har gjennomført kartlegging av kommunen sine system - arbeidet ikkje avslutta
- Ajour med attestasjonar
- Revisjonsteamet har gjennomført rutinegjennomgangar av følgjande område:
 - Innkjøp (følgt prosessen frå bestilling/mottak av inngående faktura til betaling er gjennomført)
 - Løn (følgt prosessen frå grunnlag til løn er utbetalt)
 - Inntekter (følgt prosessen frå grunnlag til inntekta er innbetalt)
 - SFO og barnehage
 - Husleige
 - Pleie og omsorg (har testa eit utval mot vedtak og grunnlag)
 - Kommunale avgifter



IBDO

Foreløpige funn
internkontroll

INTERNKONTROLL

Revisor vurderer den interne kontrollen i samband med revisjonen av rekneskapen

- Føremålet er å vurdere risikoen for feil i rekneskapen
- Føremålet er ikkje å gi nokon uttale om den interne kontrollen
- Alle svakheiter i den interne kontrollen blir ikkje nødvendigvis avdekte.



FORELØPIGE FUNN - INTERNKONTROLL

- Kontrollrutinar i UBW (agresso) som sikrar:
 - At attestant og anvisar ikkje kan vere same person.
 - At ein berre kan føre kostnadar på «si» avdeling/sin ansvarsstad

- Kontrollrutinane i samband med lønskøyringa blir vurderte som tilstrekkelege.

- Kontrollrutinane rundt avstemming av inntekter blir vurderte som tilstrekkelege

- Attestasjonar - noko forbettringspotensial

- Kontrollert IB
 - Dokumentasjonen av balansekontoane kunne vore dokumenterte betre. Vi måtte etterspørje tilleggskontroll



IBDO

Fokusområde framöver
mot
rekneskapsavslutninga

FOKUSOMRÅDE FRAMOVER MOT REKNESKAPSAVSLUTNINGA

- Detaljtesting av kostnader i samband med MVA-kompensasjon for 6. termin. Frist 10. februar 2026.
- Vurderingar rundt drift/investering
- Forenkla etterlevingskontroll
- IT revisjon
- Evt. attestasjonar.



IBDO

Anna til diskusjon





Saksframlegg

Saksnr: 2026/9-1
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	7/26	09.03.2026

Kurs i regi av Deloitte AS i 2026

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet2026.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.

Samandrag

Stord kommune har i avtalen med Deloitte AS at revisor skal halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar og/eller for medarbeidarar i administrasjonen, med eit omfang på 1/2 kursdag per år.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2025. I kontrakten som er inngått går dette fram av avtaledokument punkt 3.1 Opplæring:

«REVISOR skal leggje fram for kontrollutvalet tilbod om og gjennomføring kurs, for utvalet sine medlemmar, politisk nivå og/eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast med kontrollutvalet ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kurs á 2 timar pr. år. Kursa skal som hovudregel gjennomførast fysisk i kommunen.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjettamme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Det blir no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velja våren 2026. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Stord kommune ligg ved saka.

Deloitte gjennomførte i 2025 kurs i Samhandling mellom kontrollutval og forvaltningsrevisor i Stord kommune. I dette møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønsker å få gjennomført våren 2026. Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varigheit på 2 timar og at dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre våren 2026. Videre bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Stord kommune.



Kursoversikt 2026

Kursoversikt

	Tema	Stikkord
1	Innføring i årsrekneskap	– Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	– Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	– Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	– MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	– Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	GDPR og informasjonssikkerheit	– Grunnleggande prinsipp og krav
7	Arkivering, journalføring og offentlegheit	– Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
8	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	– Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
9	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	– Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
10	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	– Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

Kursoversikt

Tema	Stikkord
11 Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
12 Økonomisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Fullmakter - Kontroller
13 Organisatorisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
14 Innberetning av løn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
15 Investeringsrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsrekneskap - Skille mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapet?
16 Andre rekneskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassast etterspurnad og behov
17 Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
18 Utvalde delar av kommunelova og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar
19 Prosjektstyring	<ul style="list-style-type: none"> - Suksessfaktorer - Fallgruver
20 Medlem i kontrollutvalet	<ul style="list-style-type: none"> - Kva for rolle og ansvar har ein som medlem i kontrollutvalet?

Kursoversikt

	Tema	Stikkord
21	Korrupsjon og mislegheiter i forvaltningsrevisjon	– Kva revisjonsmetodar og tiltak kan avdekke uregelmessigheiter?
22	Korleis revidere vår tids største utfordring – klimaavtrykk og naturmangfald	- Omstilling og tilpassing til eit klima i endring – kva er kommunane/fylkeskommunane si rolle?
23	Korleis bruke KI på ein etisk forsvarleg måte?	- Kva er dei viktigaste etiske prinsippa og korleis styrer vi risikoen?
24	Grunnleggende kurs om Robek	– Når kjem kommunen på Robek? – Konsekvensar av Robek

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee (“DTTL”). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see www.deloitte.com/about to learn more about our global network of member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides leading professional services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets and enable clients to transform and thrive. Building on its 180-year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s approximately 470,000 people worldwide make an impact that matters at www.deloitte.com

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (DTTL), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/49-9
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	8/26	09.03.2026

Årsmelding 2025 for Stord kontrollutval

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet i Stord kommune.

Samandrag

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2025. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Årsmelding 2025 for Stord kontrollutval

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Stord kommune for 2025. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å rapportere resultata av kontrollutvalet sitt arbeid til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar. Årsmeldinga peikar både på behandling av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagde rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga politisk sak, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding for kontrollutvalet for 2025 til godkjenning i kommunestyret.



ÅRSMELDING 2025

FOR

KONTROLLUTVALET

I

STORD KOMMUNE

1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I kommunelova finn ein kap. 23 «Kontrollutvalgets virksamhet». I § 23-1 står det mellom anna:

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»

I kommunelova § 23-2 står det m.a.:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksamhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for perioden 2023 – 2027 er slik samansett:

Medlemmer

Tarjei Aamot Haga, leiar (Ap)

Nils Magne Blålid, nestleiar (Sv)

Inga Margrethe Fagerbakke (Ap)

Fredrik Litleskare (H)

Randi Høgås Nesse (uavh.)

Varamedlemmer, etter parti:

1. Jim Ryen (Ap)
2. Vigdis Olsen (Ap)
3. Beate Andersen (Ap)
4. Øystein Huglen (Sp)
5. Grethe Mosheim (Ap)
6. Albert Eikeland (Sp)

1. Hege Myklebust (Sv)
2. Jorge Del Pino (Sv)
3. Per Trygve Pettersen (Raudt)

Sjå varamedlem for Aamot Haga

1. Trond Harald Hystad (H)
2. Lillian Olsen (H)

1. Odd Ståle Larsen (Frp)
2. Marte Tveita Djuvsland (Frp)

Minst ein av dei valde skal og ha sete i kommunestyret. Tarjei Aamot Haga og Fredrik Litleskare er kommunestyremedlemar.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2025

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2025 og handsama 36 politiske saker og 21 referatsaker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Kommunedirektør og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har møtt på alle møta i kontrollutvalet når dei har vorte innkalla.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstillir utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillir utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune Hogne Haktorson og Malene Hopsdal Grønningen har utført sekretæroppgaver på kontrollutvalgs møta i 2025.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Askøy, Austevoll, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. I tillegg til dette har sekretariatet også vore settesekretariat for Møre og Romsdal fylkeskommune sitt kontrollutval i heile 2025.

Vestland fylkeskommune / Hordaland fylkeskommune har utført sekretariatstenester for Stord kommune sidan 2008. Det er gjennomført konkurranse gjeldande sekretariats-tenester for fem kommunar i Sunnhordland andre halvår 2022. Vestland fylkeskommune held fram som sekretariat for Stord kommune. Ny avtale gjeld frå 01.01.2023 til 01.01.2025, med opsjon på 1 + 1 år.

5 Revisjonsordninga og revisjonstenesta

Revisjonsordninga.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006.

Revisjonstenesta.

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og i samsvar med forskrift og vedtak.

Det vart gjennomført konkurranse og innhenta tilbod på revisjonstenester vinteren 2024/2025. Revisjonsoppdraget vart delt mellom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll.

Kommunestyret fatta vedtak i saka 22.05.2025 (PS 26/2025) etter handsaming i kontrollutvalet.

1. Kommunestyret vel BDO AS som rekneskapsrevisor for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029
2. Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2025.

Ansvarleg revisor i Deloitte er Birte Bjørkelo, som i tråd med regelverket, har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Stord kommune.

Ansvarleg revisor i BDO er Solveig Bø Dalstø, som i tråd med regleverket, har lagt fram eigenvurdering for at BDO er uavhengig i høve til Stord kommune.

Utanom revisjon av årsrekneskapan, har revisor og gjennomført forenkla etterlevingskontroll, laga revisjonsplan og lagt fram interimrevisjonsrapport, som alle er handsama i kontrollutvalet.

6 Forvaltningsrevisjon

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-3 står det:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 17.06.2024:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

I den vedteke planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte forvaltningsrevisjonar:

1. Rus og psykisk helse
2. Heimebaserte tenester
3. Skulemiljø
4. Berekraft og klima
5. Vatn og avløp
6. Barneverntenesta (Sunnhordland interkommunale barnevern – SIB)
7. Bemanning, personalforvaltning og sjukefråvær

Det er og teke med nokre prosjekt i uprioritert rekkefølge.

6.2 Forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune - Utsett

Forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune vart bestilt av kontrollutvalet i møte 09.04.2025, sak PS 10/25, etter følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av heimebaserte tenester i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 16.04.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenne den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.

5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 13.11.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i desembermøtet i 2025.

Deloitte fekk melding om vedtaket og inviterte til oppstartsmøte med administrasjonen i Stord kommune. Det vart etter det (02.05.25) motteke slik skriv frå kommunedirektøren:

Takk for tilsendt oppstartsmelding. I den forbindelse er det ønskelig å utsette denne forvaltningsrevisjonen. Det er to grunner til dette:

1. *Denne vil delvis overlape arbeidet med pågående revisjon. Dette er svært ressurskrevende.*
2. *Leder for hjemmetjenesten slutter om relativt kort tid. Dette svekker vår kapasitet fram til vi får på plass hennes erstatter.*

Vi forstår at det er flere hensyn som det skal tas hensyn til, men vi tillater oss å fremme denne forespørselen

Saka vart diskutert i møte 21.05.2025, der det vart fatta følgjande vedtak:

1. Med bakgrunn i informasjon frå kommunedirektøren i møte vel kontrollutvalet å utsetta oppstart av forvaltningsrevisjon innan heimebaserte tenester til januar 2026.
2. Kontrollutvalet ønskjer derfor å starta ein eigarskapskontroll i 2025, innan Stord luftham føresett at VLFK som den andre eigaren er med på å finansiera denne. Alternativt eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingselskap.
3. Prosjektplan er ønskt til septembermøtet i utvalet.

6.3 Forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester i Stord kommune - Handlingsplan

Denne revisjonen har høgst prioritering i plan for forvaltningsrevisjon, jmf, pkt. 6.1 i årsmeldinga.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har ei føremålstenleg organisering av psykisk helse- og rustenester for å sikre eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod for menneske med samansette rus- og/eller psykiske helseutfordringar.»

Revisjonsrapporten vart handsama av kommunestyret i møte 19.06.2025.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rustenester, ba kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Sikra tydeleg oversikt over Eining for psykisk helse og rus sine mål, rollar og ansvar, og at det blir gjennomført jamleg evaluering av verksemda sine aktivitetar, mål og tiltak.
2. Tydeleggjera, både internt i kommunen og ut mot innbyggjarane, kven som har ansvaret for koordinering av dei ulike pasientforløpa i kommunen.
3. Sikra systematisk arbeid med kompetansebehov i psykisk helse- og rustenestene og at det blir gjennomført evaluering av kompetansetiltak.
4. Sørga for tilstrekkeleg formalisering av samarbeid mellom kommunale aktørar, til dømes gjennom å etablere samarbeidsavtalar, og sikra at alle samarbeidsavtalar (også mellom kommunale og eksterne aktørar) blir følgt opp i samsvar med krav i avtalen.
5. Sikra nødvendig og tidsriktig overføring av informasjon mellom kommunen og spesialisthelsetenestene ved inn- og utskrivning av pasientar, samt at det blir meldt avvik ved manglar i samhandlinga.
6. Sørga for at det i kartlegging av nye brukarar
 - a) føreligg tilstrekkelege opplysningar til at søknadar om psykisk helse- og rustenester kan vurderast og avgjerast på ein fagleg forsvarleg måte.

- b) blir sikra og dokumentert samtykke frå søkar dersom kommunen i samband med kartlegginga må innhente opplysningar om vedkomande frå andre tenester i kommunen eller i spesialisthelsetenesta.
- 7. Sikra at saker blir behandla utan ugrunna opphald, at tenester blir iverksett innan forsvarleg tid og at kommunen snarast mogleg sender eit førebels svar dersom sakshandsamingstida vil vere meir enn ein månad.
- 8. Etablera system og rutinar som sikrar
 - a) at brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester får informasjon om rett til individuell plan (IP).
 - b) samhandling og koordinering i tenester til brukarar som ikkje ønsker IP
- 9. Etablera system og rutinar som sikrar at brukarar får individuelt tilpassa tenester når det blir fatta vedtak på psykisk helse- og rustenester. Under dette
 - a) Sikre at det går fram av vedtak kva teneste(r) som er tildelt, i kva omfang, samt kor lang tid vedtaket er gjeldande
- 10. Sikra tilstrekkeleg brukar- og pårørandemedverknad gjennom å
 - a) etablere prosedyrar eller liknande som tydeleggjer korleis kommunen skal involvera brukarar og eventuelt deira pårørande ved tildeling og/eller endring av tenestetilbodet.
 - b) etablere system og rutinar som sikrar at kommunen
 - i) jamleg hentar inn erfaringar og innspel til forbetring av psykisk helse- og rustenestene frå brukarar og pårørande
 - ii) bruker innspel og erfaringar frå brukarar og pårørande i verksemda sitt kontinuerlege forbetningsarbeid.
- 11. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 11.11.25 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplanen er tilsendt kontrollutvalet ved sekretariatet, og vert handsama i møte i kontrollutvalet 25.02.2026.

6.4 Forvaltningsrevisjon innan beredskap - Avslutta

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan beredskap i møte 15.10.2020 (sak PS 34/20)

Innstilling i høve endeleg rapport var oppe i kontrollutvalet 19.05.21 (PS 26/21).

Med endra ordlyd i pkt. B8, vedtok kommunestyret innstillinga i sitt møte 27.05.21 (PS 16/21):

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune ber kommunestyret rådmannen syta for vurderingar og utarbeiding av aktuelle tiltaksplanar i høve desse tilrådingane:

- A1. Kommunen skal utarbeide ny ROS-analyse så snart som mogleg.
- A2. Kommunen skal etablere ein tydelig plan for krisekommunikasjon som del av overordna beredskapsplan.
- B1. Kommunen skal vurdere å styrka ressursar innafor eksisterande rammer knytt til arbeid med beredskap på administrativt nivå i kommunen.
- B2. Kommunen bør planlegge for fullstendig bortfall av IKT-tenester i kommunen.
- B3. Kommunen bør vurdere å gjennomføre ei fullskalaøving med bortfall av alle digitale tenester, inkludert naudnett, DAB-radio, satellitt-kommunikasjon, etc.
- B4. Kommunen skal synleggjere korleis forskjellige risiko- og tryggleiksfaktorar kan verke inn på kvarandre ved neste revidering av ROS, spesielt i samband med IKT.
- B5. Kommunen skal kontrollere at planane vert reviderte jamleg for å sikre at dei blir levande dokument. Alle planar bør òg syna kva tid planane er reviderte og oppdaterte.

- B6. Kommunen skal etablere rutinar for dokumentasjon av gjennomgang av beredskapsplanar for tilsette.
- B7. Kommunen skal etablere eit system der revidert plan må godkjennast av andre enn den som har ansvar for den konkrete planen for å bli rekna som revidert.
- B8. Kommunen skal ha rutinar for å gjera skriftlege evalueringar i etterkant av øvingar.
- C1. Kommunen skal vurdere å inngå avtale om beredskap med fleire overnattingsstader i, eller i tilknytning til, kommunen.
- C2. Kommunen skal vurdere om dei tilsette bør vere meir aktivt med i revisjon av planane.
- C3. Kommunen skal vurdere om tilsette kan gis opplæring i beredskapsarbeidet i eiga eining.
- C4. Kommunen bør vurdere å samle arbeidet med IT-tryggleik, plan for opplæring i IT-tryggleik og oppfølging av opplæring i IT-tryggleik på same stad i kommunen, for å sikre betre oversyn over den generelle IT-tryggleika.

Rådmannen vert og beden om:

- D1. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.10.2021 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
- D2. At tilråding om tiltak innan beredskap som krev politiske vedtak, vert teke opp som politisk sak etterkvart, i dei organ som har innstillingskompetanse og vedtakskompetanse.»

Det har vore mange oppfølgingar i kontrollutvalet etter at vedtaket var gjort, og i møte 04.12.2024 vart det fatta følgjande vedtak:

1. «Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, for pkt. B4 og B5 til første møte i utvalet, hausten 2025.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 15.08.25.»

Etter ny handsaming i møte i kontrollutvalet 22.09.2025 er kontrollutvalet nøgd med oppfølginga av revisjonen frå Stord kommune, og avsluttar oppfølginga av forvaltningsrevisjon beredskap.

Kontrollutvalet vil likevel ha framleis merksemd på temaet gjennom den ordinære oppfølginga av kommunen.

7 Eigarskapskontroll

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i kommunelova § 23-2 d:

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

7.1 Plan for eigarskapskontroll.

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.

Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028

Kontrollutvalet har med god bistand frå Deloitte AS, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap. Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 vart vedteke av kommunestyret 17.06.2024:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

I den vedtekne planen er desse prosjekta sett opp som prioriterte eigarskapskontrollar:

1. SIM
2. Stord kommunale utviklingsselskap

Det er og teke med nokre prosjekt i uprioritert rekkefølge.

7.2 Prosjekt innan eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - Oppfølging

Kontrollutvalet bestilte eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i møte 20.04.2023, sak PS 13/23.

Rapport etter eigarskapskontrollen vart handsama av kontrollutvalet 15.04.24 (sak PS 11/24), som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 30.05.2024 (sak PS 41/24), fatta kommunestyret slik vedtak:

På bakgrunn av eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune, ber kommunestyret kommunedirektøren om å:

1. Utarbeide ei samla, skriftleg oversikt med fordeling av roller og ansvar i arbeidet med eigarskapsforvaltninga.
2. Legge til rette for supplerande opplæring knytt til eigarskapsforvaltning til folkevalde seinare i valperioden, samt opplæring for styremedlemmar som er innstilt frå kommunen.
3. Forankre eigarskapsmelding og eigarstrategiar i selskapa kommunen har eigarskap i.
4. Vurdere å tydeleggjere, til dømes i eigarskapsmeldinga, kva kriterium som ligg til grunn for kva selskap det skal bli utarbeidd eigarstrategi for og eventuelt kva selskap kommunen ønskjer å følgje særskilt opp basert på ei risiko- og vesentlegvurdering.
5. Vurdere om det er behov for noko meir utfyllande eigarstrategiar for dei viktigaste selskapa.
6. Etablere rutinar for å føre referat frå eigarmøte, for å sikre sams oppfatning om det som er diskutert og informert om i møta.
7. Etablere retningslinjer for at valkomiteen si innstilling av styrekandidatar skal grunngjevast skriftleg i saksframlegget til kommunestyret.
8. Følgje opp kommunen sine egne føresegn og retningslinjer for arbeidet med eigarskapsforvaltning, under dette:
 - a) Sørge for at rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande blir lagt fram for relevant politisk organ i forkant av møte i eigarorgan so langt det er mogleg og føremålstenleg.
 - b) Sørge for at det ikkje er same styremedlemmar i morselskap og dotterselskap, ev. forklare kvifor dette prinsippet ikkje blir etterlevd.
 - c) Opprette valkomité i selskap kommunen eig saman med andre eigarar.
 - d) Følgje opp at styremedlemmar blir registrert i KS sitt styrevervregister.
9. Etablere rutinar for å følgje opp at kommunen sine krav og forventningar blir etterlevd av selskapa som kommunen har eigarskap i (til dømes gjennom eigarmøte, krav til rapportering, gjennomgang av sentral dokumentasjon)
10. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 02.09.24 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan vart handsama i møte 18.02.2025, og det vart fatta følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er sett i gang i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2026. Hovudfokus kan vera orientering om etterleving av innhaldet i dei vedlagte skriva etter at prosedyrane har fått verka ei tid, samt informasjon om det er funne grunn for å gjera redigeringar i dokumenta.
3. Statusrapporten vert å levera til sekretariatet innan 15.01.2026.

Statusrapport vart tilsendt kontrollutvalet ved sekretariatet 09.01.2026, og vil handsamast i møte 25.02.2026.

Eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap AS - Revisjonsrapport

Eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap AS vart bestilt i møte 22.09.2025, sak 28/25. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av Stord kommunale utviklingsselskap frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Evt. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 02.10.2025. Dersom det er naudsynt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna den endelege prosjektplanen.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som går fram av prosjektplanen.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.

5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 27.04.2026, ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd, slik at den kan handsamast i kontrollutvalet i maimøtet i 2026.
6. Utvalet ber om, slik tradisjonen har vore i fleire år, unytta løyvingar ift. bestillingar i inneverande år vert overført til budsjettår 2026.

8 Rekneskapsrevisjon

Revisjon av årsrekneskaper er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I kommunelova § 23-2 står mellom anna dette:

Kontrollutvalget skal påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte

Dette står om rekneskapsrevisjon i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) Regnskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravet i kapittel 2 og 3

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

8.1 Rekneskap for Stord hamnstell for 2024:

Følgjande uttale vart fatta:

- Kontrollutvalet registrerer at Stord hamn i 2024 har driftsinntekter på kr. 19.020.000 og eit netto driftsresultat er på kr 677.975. Det gjev eit driftsresultat på 3,6 % (sett opp mot sum driftsinntekter), dvs. godt over tilrådinga til TBU.
- Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamn for året 2024, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
- Uttalen vert send kommunestyret via utval for byutvikling og/eller via formannskapet.

8.2 Årsrekneskap for Stord kommune for 2024.

Kontrollutvalet handsama i møte 21.05.2025, (PS 16/25) årsrekneskaper for 2024 i Stord kommune. Økonomisjefen deltok under handsaminga.

I uttalen hadde kontrollutvalet slik oppsummering/tilrådingar:

- Kontrollutvalet er uroa for at Stord kommune si lånegjeld har vore høg fleire år på rad, sjølv om den har gått litt ned dei to siste åra, ligg den langt over Riksrevisjonen si tilråding.

Lånegjelda er i 2024 på 130 % ift. driftsinntektene, medan det er tilrådd at den ligg under 75 %. Tilsvarende tal i 2019 var på 126,8 %, i 2020 på 127,5 %, 2021 på 137,8 %, i 2022 på 144,9 %, og i 2023 på 136,5 %.

- Kontrollutvalet er også uroa over at gjeldsbelastninga i 2024 er på 10,3 % av driftsinntektene, dette bør normalt ikkje vera over 5 %. Tilsvarende tal i 2022 var 7 % og 2023 8,8 %. Sjølv om lånegjelda går ned i prosent, går gjeldsbelastninga opp. Dette følgjer av auka renter og avdrag.
- Disposisjonsfondet ved utgangen av 2024 er på MNOK 14,5, tilsvarende 0,7 % av driftsinntektene. Riksrevisoren si tilråding er på minst 5 % og kommunen sitt eige mål er 5 – 10 %.
- Statsforvaltaren skriv i skriv av 31.03.2025 at «Kommunen sitt disposisjonsfond er no blitt vesentleg lågare enn det bør vere», og at «Dersom ubalanse på drifta blir vidareført, må det påreknast at kommunen vil kome i ROBEK i eit av dei førstkomande åra».
- Av krava i kommunelova § 14-7 er bokstav a, c, d og f ikkje omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande eller lett tilgjengeleg måte, dette gjeld:
 - a) om den økonomiske utviklinga og stillinga tek i vare den økonomiske handleevna over tid, der kontrollutvalet saknar måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi og omtale av kor årsresultatet står i forhold til slike måltal, herunder utviklinga i disposisjonsfondet og finanskonstanter.
 - b) det er vanskeleg å vurdere verksemda si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarar når kommunen har mangelfull rapportering av måltal i årsberetninga.
 - c) det er skildra bevisstgjeringsiltak, men ikkje gjennomførte eller planlagde kontrolliltak, for å sikre ein høg etisk standard.
 - d) under omtalen av kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26, saknar kontrollutvalet omtale og dokumentasjon av risikokartleggingar, analysar, tiltak og evalueringar.
- Dei ikkje-økonomiske krava i kommunelova § 25-2 er etter kontrollutvalet si vurdering omtalt i årsberetninga på ein tilfredsstillande måte

9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid, samt aktuelle vegleiarar, er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

10 Opplæring og informasjon

Som del av revisjonsavtalen sin fastpris, skal revisor tilby lokale kurs etter bestilling frå kontrollutvalet. Deloitte AS gjennomførte dette kurset i 2025:

- klimarisiko og klimabudsjett

Kontrollutvalet ved Fredrik Litleskare var representert på FKTs fagkonferanse 3.-3. juni 2025.

11 Kontrollutvalet på Stord kommune si heimeside

Kontrollutvalet nyttar elektronisk innkalling til møter og utsending av saker. For å samordna kontrollutvalet si sakshandsaming med øvrige politiske møter, er det viktig å henta aktuelle dokument, og å kunna finna opplysningar lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Stord kommune har tilrettelagt og tilpassa heimeside på ein god måte for kontrollutvalet sine saker. Det har vore god dialog med ansvarlege for heimesida i 2024.

12 Internkontroll og tilsyn

Kommuneadministrasjonen skal årleg rapportera om internkontroll og eksterne tilsyn, jmf. ny kommunelov. Det vert gjort i kommunen si årsmelding.

Ved nokre høve vert tilsynsrapportar lagt fram for kontrollutvalet, då vanlegvis som referatsaker (RS).

13 Henvendingar

Kontrollutvalet mottok tid om anna handvendingar frå ulikt hald. Det kan t.d. vera frå innbyggjarar, tilsette, tidlegare tilsette, brukarar av tenestene eller politiske parti.

Utvalet har eigne retningsliner for handtering av handvendingar til kontrollutvalet. Desse er å finna på Stord kommune sine heimesider, gjeldande kontrollutvalet.

14 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2024 (Ikkje uttømande)

- Rekneskapsrapport for kontrollarbeidet i 2025
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2025
- Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2026
- Årsmelding 2024 for kontrollutvalet
- Årsmelding frå Mobbeombodet i Vestland.
- Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske organ.
- Orienteringar frå kommunedirektøren

Stord, 25.02.2026

Tarjei Aamot Haga
Kontrollutvalsleiar Stord kommune

Stord kommune

Kontrollutvalet
c/o Sekretariat for kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Telefon 05557

e-post: anne.kristin.meyer@vlfk.no | Mob. 911 05 982

e-post: miriam.akkouche@vlfk.no

e-post: kjartan.haugnes@vlfk.no

e-post: helge.inge.johansen@vlfk.no

e-post: malene.hopsdal.gronningen@vlfk.no

e-post: kontrollutvalet@vlfk.no



Saksframlegg

Saksnr: 2023/476-56
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	9/26	09.03.2026

Orientering om årsrekneskap og årsberetning for Stord hamn

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet blir orientert om avklaringa og om vidare handtering av revisjonen av Stord Hamn.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det ble inngått avtale om rekneskapsrevisjon av Stord kommune mellom BDO AS som revisor og Stord kommune 30. juni 2025. Avtalen gjeld for perioden 1. juli 2025 til 30. juni 2029.

I samband med revisjonen av Stord kommune sine rekneskap har det vore behov for å avklara om Stord Hamn skal reviderast som eit eige revisjonsoppdrag med eigen revisjonsmelding. Stord Hamn er eit organisasjonsledd under Stord kommune, men har avlagt eige årsrekneskap.

Under gjennomgangen av revisjonsomfanget har BDO opplyst at revisjon av Stord Hamn ikkje er prisa inn i tilbodet deira. Dette kjem av at det ikkje gjekk fram av konkurransegrunnlaget at Stord Hamn hadde eige rekneskap som skulle reviderast. BDO har likevel gjort greie for at dei kan utføra revisjonen som meirarbeid etter medgått tid, med same timepris som i kontrakten med Stord kommune.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapen vert revidert på ein tryggande måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

BDO har skissert to moglege måtar å gjennomføra revisjonen på:

1. anten som eit eige revisjonsoppdrag med separat revisjonsmelding,
2. eller som ein del av revisjonen av kommunen sitt konsoliderte rekneskap utan eiga melding. Stord kommune har valt at rekneskapen til Stord Hamn skal reviderast med eiga revisjonsmelding.

Sekretariatet har saman med Innkjøpsavdelinga i Vestland fylkeskommune, handtert spørsmålet om revisjonen kan inkluderast i den eksisterande revisjonsavtalen. Ettersom Stord Hamn ikkje eksplisitt er nemnd i konkurransegrunnlaget, blir revisjonen av Stord hamn et tilleggsoppdrag for revisor. Revisjonen må difor bestillast som eit tillegg til inngått avtale.

Konklusjon

På bakgrunn av at revisor ikkje har inkludert Stord Hamn i inngitt pristilbod, har Stord kommune konkludert med at rekneskapen til Stord Hamn skal reviderast som eige oppdrag med separat revisjonsmelding. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/472-27
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	10/26	09.03.2026

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte.

Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside.

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 45/23 av 06.12.2023 om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ	Kontrollutvalsmedlem
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Tarjei Aamot Haga
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Randi Høgås Nesse
Utval for oppvekst og kultur	Inga Margrethe Fagerbakke
Utval for byutvikling	Nils Magne Blålid

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk behandling.

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ	Møtedato
Kommunestyret	18.12.2025, 11.02.2026
Formannskapet	15.12.2025, 04.02.2026
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	10.12.2025, 21.01.2026
Utval for oppvekst og kultur	09.12.2025, 20.01.2026
Utval for byutvikling	11.12.2025, 29.01.2026

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/468-15
Saksbehandlar: Malene Hopsdal
Grønningen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	11/26	09.03.2026

Eventuelt

Forslag til vedtak

1. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker som ikkje er på saklista

Anne Kristin Meyer
kontrollsjef

Malene Hopsdal Grønningen
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier: «Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøking av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 06.02.2026 10:27:54
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn[fkt@fkt.no]
Kopi: NKRF – kontroll og revisjon i kommunene[post@nkrf.no];
Tittel: Høringsmøte om Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen, 5. mars

Kontroll og revisjon i kommunene, NKRF og Forum for kontroll og tilsyn, FKT inviterer alle sine medlemmer til høringsmøte

Høring – Veileder for kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen

I forbindelse med høringen arrangerer FKT og NKRF i samarbeid et digitalt høringsmøte der veilederen blir gjennomgått. Det blir også anledning til å stille spørsmål.

Høringsmøte er digitalt, 5. mars kl. 13.00 - 14.00

Høringsfristen er satt til 22. april. Hørings svar sendes til post@nkrf.no eller fkt@fkt.no
Hørings svarene vil bli publisert på nettsidene til både FKT og NKRF

Deltakelse på høringsmøte krever påmelding her: [Digitalt høringsmøte - Veileder - kontrollutvalgets påseansvar for kontroll med økonomiforvaltningen, 5. mars 2026 - Forum for kontroll og tilsyn](#)

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen
Seniorrådgiver

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 414 71 166 / www.fkt.no

[Hold deg oppdatert med vårt nyhetsbrev](#)